Songdansen i Nordlandi

Andre Udgaave

Forord til den elektroniske udgave

Detta verk av **Hulda Garborg** (1862-1934) er digitalisert i april 2008 av Nasjonalbiblioteket i Oslo og tilpassats for Projekt Runeberg i juni 2015 av Ralph E.

Denne andre udgaave 1913 er beriget med en rad illustrationer, jfr den **tidligere udgaave fra 1903**!

SONGDANSEN I NORDLANDI

av HULDA GARBORG

ANDRE UTGAAVA

KRISTIANIA
FORLAGT AV H. ASCHEHOUG & CO. (W. NYGAARD)
1913

SONGDANSEN I NORDLANDI

HULDA GARBORG

SONGDANSEN I NORDLANDI

ANDRE UTGAAVA

KRISTIANIA
FORLAGT AV H. ASCHEHOUG & CO. (W. NYGAARD)
1913

Tittelbilæte etter maalarstykke av E. Krause.

NATIONALTRYKKERIET — KRISTIANIA

»Stigum fast ä vort golv, sparum ei vår sko! Gild maa råde, kvar me drekkum onnor jol.>

(Stev til færøysk Dansevise.)

Ti Aar er gjengne sidan fyrste Utgaava av denne vesle Boki kom ut, og i desse Aari hev Songdansen rotfest seg att i Norig, det torer eg vel no segja.

Det hev gjengi snøggare og betre enn eg drøymde um; og det er eg sjølvsagt glad for.

Det vil daa her høve at eg fyrst fortel um koss Arbeide med Dansen tok til.

Daa eg i Ungdomen fekk høyre Thorvald Lammers syngje norske Folkevisur, var det ei nv Verd som opna seg for meg.

Det høver stundom so heppelegt, at rette Mannen kjem i rett Tid; so var del med Lammers.

Gode Mennar hadde lengi arbeidt med aa grava frain att or Gløymslo dei gamle Folke-visune vaare; men det som kom i Dagen vart berre gravlagt att, i Bibliotek og eldfaste Skaap. Det vitskaplege Arbeide med Visune vilde ta lang Tid; og det var paa det uvisse, naar den

1 — Garborg: Songdansen.2

framgravne Skatlen kunde bli Folkeeige i rett Meining att.

Daa kom Thorvald Lammers. Han var sjølv som hoggen ut av det norske Fjelle; staut, herdebreid, Ijosdæmd, med ei Røyst som kunde minne um Storfossen i silt Velde, men og um Fjellbekken roleg og klaar. Daa eg hadde høyrt honom kveda Folkexisur, kunde eg ikkje gløyme deim alt; dei song seg inn i Hugen min for alle Tidir.

Og eg vart forviti etter aa høyre meir; maatte lære aa kjenne denne nye gamle Verdi, som aatte slik Song og slik Tale.

Faa Maalskulen hjaa Ivar Mortenssou (i «Fedraheimen» 1885), der me og stundom hadde Lars Liestøl lii Lærar, høyrde eg mangt eit fint Sæbygg- og Telematkslev og mang ein gamall Visestubb og Slaalt; dertil for fyrste Gong fin norsk Tale. Og eg gjekk ut fraa Skulen med nytt Syn paa norskt Aandsliv. Eg hadde lært at me hadde ein gamall Fvullur her i Lande, ein som var «større enn mange vil tru»; og Vinje, Aasen, Garborg kom i Bokhylla mi saman med Wergeland, Bjørnson, Ibsen — og dei russiske, som den Gongen hadde mest ei faarleg Magt yvi Ungdomen.

At me hadde tvo Maal i Lande hadde fyrst av alle Andreas Hølaas lært meg. Den fvrsle Landsmaalsboki eg aalle var Uniseljengi hans av Peter Schlemihl.3

Folk Hest hadde i den Tidi endaa mindre enn no Greie paa norsk Folkedikting; Lammers vart Vegbrøytar her. Og ved Universilele var det vel nytt det meste av det Prof. Moltke Moe bar fram i dei Fyrelesingane sine som han kalla «Indledning til Folkeviserne* (188(5 og frametter).

Alt Henrik Wergeland hadde havt ei sterk Kjensle av at der maatte vera eit nationalt Samanheng i Soga vaar; han trudde og vona at der enno livde Hester av gamal Folkedikting upp i Fjellbygdine; men det var vandt aa faa nokor Greie paa dette. 1 dei Bygdine der han var kjend var alle Minne fraa den gamle Bondekulturen slokna, aa kalle; Folke laag og bala med alt det nye, som dei helst fekk Tak i det laakaste av; og «Intelligensen» Ia seg elter aa vera dansk. Melte heilt det framande magta han ikkje; eit Tvidrag i den norske Danningi var der og vart der verande — til ubotelig Skade for all aandeleg Vokstr.

Wergeland saag og kjende Tvidrage betre enn nokon; det var til Hinder ikkje minst for han sjølv, og serleg i del store Arbeide hans for Folkevekkjing.

Som so mange andre * framhuga Drengjer» kring i Landom i den Tidi var han heilt med paa den nalionall-folkelege Tanken i det romantiske Straumdrage som spreidde seg fraa Frankrike etter Rousseau og den store Revolutionen.4

Gjenom Mennar som Herder, Les si 11 g, G oet he, Schiller i Tyskland og Øhlenschläger og Grundtvig i Danmark naadde dette Straumdrage til Nordlandi med.

Herders tvske Umsetjing av Folkevisur fraa ymse Land vart ein Merkestein i Arbeide folden nationale Atterreisning i Tyskland.1 Wergeland fekk Tak i Herders Visesamlingar; og i desse Samlingane sakna han Norig so sterkt, at han sjølv freista aa laga norske Folkevisur (paa Bygdemaal). l)ei kom ut i 1842 («Langeleiken; snil.

Prof. Kohts gode Folkebok um Wergeland).

Men det vilde ikkje bli nokon rett folkeleg Tone i desse Visune; det var og vart verande Kunstdiktning, — kanskje meir kunstig enn den vanlege. Dette kjende Wergeland sjølv.

Daa fekk han ein Dag i Studentersamfunde (Vinteren 1834) høyre ein Presteson fraa Trond-heimskanten spela ein underleg Lund paa Fele. Han fauk upp: «Hvad Fanden er det du spiller «ler? Om igjen! Hvor har du den fra! Syng, om du kan!» — Det var «Ifjor gjætt' e' Gjeita».

Fraa den Dagen var Wergeland trygg paa at det fanst norske Folkevisur i Dalom. Og han sende

1 Den «franske Literaturperioden>, daa Franskt hadde vnri Kulturmaal i Tyskland var slutt med Herder, Lessing, Goethe, Schiller, og det tyske Maale kom til Ære att etter lang Vanvyrding. I Macauleys bok um Fredrik den store t'a*r eit et framifraa Bilæte av denne Yvigangstidi i Tyskland-5

Uppmodingar til Folk baade her og der um aa linne deiin fram og lata han faa deim til Utgjeving.1,

Den Dagen daa «Vinterblommer i Barnekammeret» kom ut (den Boki som er fyrste Frukti av Folkeviselesingi hans), skrev han eit Brev til Fredrika Bremer, den kjende svénske Fyre-gangskvinna, som hadde spurt 'n etter norsk Folkedikting. Det Breve er so forvitnelegl at noko av det lyt eg taka med her.

Um det norske Folke skriv han:

«Det synger idethele ikke; dels egentlige Sange i dets eget Tungemaal ere saa ubekjendte som Gaelic,2 og dets igjennem Skriftsproget indympede ere slette og udartede. — Danmark med sin Masse af kunstgjorte Viser, der alle beile til Folkets Gunst, men kun leve i Maanedsskrifterne, viser noksom, at en bedre Periode for Folkesangen maa komme af sig selv. Og jeg tror paa Menneskehedens evige Selvforyngen, og at Norge, naar det faar bygget og ryddet fra sig og bliver gammelt i det Nye, vil igjen blive besøgt av sine blaaklædte Huldrer med Langeleiken i Hænderne. Saa ser Folkesangens Muse ud. — O. hvad siger jeg! mit Folk har ikke. Poesi nu'.' og i dette Øieblik (det er Marked) toner en Halling fra Gaden, fra en omvandrende Spillemand i Skindbuxer og hvid Kufte. Denne eiendommelige, vilde, rørende Musik er vor

1 Koht.

* Ein keltisk Dialekt.6

Nationalpoesi. Hvortil behøves Ord, naar ingen Nordmand, ihvor denationaliseret han end kan være, kan høre den uden med den Vexel af hjemlige Veiiiodsfølelser, af Lidenskaber, af Erindrings-syner fra Landets og Folkelivets Inderste, som saa kjendeligt har bevæget disse musikalske Nåturgeniers Sjele idet de hoiede Hovedet over den metalstrengede Hardangerfele og overlode sig til Indskydelserne. Der er samme Alf i Ole Hulls og den berygtede «Malicerknuds» Violin og Kompositioner .... Men skulde — De vil erindre at jeg har vedgaaet min Incompetenz til at dømme om vor Fjeldpoesi, paa hvis Tilvær og Væsen jeg ikke mere tør sværge end paa Aandernes, men som jeg ligesaavisl tror — skulde en saa malende Musik være uden en ligesaa riig Folkepoesi? Nei: jeg tror den er til, men, som sagt, paa Høiderne og i Aftagende.»

Dette Breve syner Wergelands sikre Instinkt; og det syner koss Folk som tenkte, hjaa oss som i andre Land tok til aa leite seg attende til «lel nationale.

So kom Jørgen Moes Samling av norske Folkevisur; og Wergeland vart slorglad. Nye Vonir vakna hjaa han; og det var no han tok til aa drøyme um Atterreising av sjølve Folketnaale. Uppglødd skreiv han til Jørgen Moe, bad um lleire Visur og sende'n eit Far av deim han sjølv hadde laga paa Rome-riksmaal.7

Me ser koss det bryt og brydder i den norske Skogen. Og det er saart aa minnast, at Wergeland ikkje fekk liva den Dagen daa Land-stad-Samlingi kom (1853). Storglad hadde han vorti, hadde han fengi set den Skatten, alt det som seinare er funni ikkje aa nemne.

Naar eg no inn Dagen ser ein Ungdomsflokk fagert og heilhuga syngje og danse «Bendik og Aarolilja», «Aasmund Frægdegjævar», «Hauge-bonden» o. a. herlege Visur, so er det tvo Mennar eg ofte minnest: Henrik

Wergeland og Ole Hull. Kg trur dei hadde «graati av Glede», um dei hadde fengi set og høyrt dette me no hev naatt i; for i den Tidi var ikkje Karane likare enn at dei lok til Taarune dei med, baade i Sorg og Glede.

Daa Herders1 Samling av umsette Visur (1778) var utkomi, tok Tyskane til aa leite fram sine eigne Folkekvad. I 180(5 kom den kjende store Samlingi «Des Knaben Wunder-horn» ved Armin og Brentano. (I denne Samlingi linn ine m. a. Originalen til Luthers «Vor Gud han er so fast ei Borg», «Kriegslied des Glauben», og ei Vise um Dr. Faust.)

Seinare er mange andre Samlingar utgjevne.

Snart kom Nordlandi og med i Arbeide, og det synte seg, at den gløymde Skallen var større og rikare heruppe enn nokon hadde tenkt. Slik

1 Jolian (lott f ri ed Herder, tysk Vilosof og Hok meister, 1744—1803.8

storfeld episk Folkedikting som paa Færøyane og i Norig hev det inginstad funnest.

I Danmark og Sverig1 fanst det fleire gamle håndskrevne Visesamlingar som var til stor Hjelp; hjaa oss hadde ingen tenkt paa slikt. Her var det aa skrive upp alt fraa nytt, etter Song eller Framsegjing av gamle Folk; og mangt var halvgløymt, hurtblanda, utskjemt. Men endaa kunde me vera glade for det som valberga.2

Men Landstads «Norske Folkeviser» var diger og dyr og kunde ikkje verte nokor Folke-bok. No er ho for mange Aar sidan utseld; og den nye Utgaava med Tillegg fraa seinare Innsamlingar — ventar me paa enno.

I)ei fyrste Samlingane ved Jørgen Moe og Sophus Hugge er ikkje aa faa dei heller; fyrst i 1911 gav Rikard Berge ut eit Tjug Tele-marksvisur att, samla av Sophus Bugge og Utgjevaren med yndefulle Teikningar av Johanna Bugge Berge. (Jakob Dybwads Forlag.) Gild var denne vesle Samlingi, men med Merknadir og Bilæte dyrare enn Folkebøkar maa vera.

I H)12 fekk me ei lita fin Visesamling for Universitete og dei høgare Skulane ved Knut

1 I Danmark hadde dei Anders Vedels Samling alt fraa 1591, Peder Syvs (1695) o. a. I Sverig kom Afzelius og (levers i 1814, i 40-Aari Arvid sous.

8 Mange av dei beste norske Visune finst elles i danske Samlingar: in. a. fekk Nyrup fleire Visur herifraa. Men alle gjeld dei no for danske.9

Liestøl og Moltke Moe. Det er 14 av dei beste Visune me eig fraa Millomalderen; dertil ein Bundel gamle Stev, Perlur alle. Det er eit fint fraaseggjort Vitskapsverk; men det synest stridt, at me skal vente paa ei Folkeutgaave, til dess Vitskapen er ferdug med sine Granskingar.

Men me fær daa «liva i Voni».

Thorvald Lammers var den fyrste som tenkte paa aa faa ut billege Visehefte aat Folke. Det kom tvo eller tri for 10—12 Aar sidan, med dei Visune som han og Fru Lammers hadde songi; og dei var til Glede vidt og breidt.

I 1890-Aari tok eg til aa tenkje paa, um ikkje den beste Maaten aa faa upp Visune paa skidde vera aa faa den gamle Visedansen i Gang att.

Men um denne Dansen var det lite Upplys-ning aa faa. Dei faa og stutte Rettleidingane som fanst i gamle Bøkar var ikkje til aa faa nokon skikkeleg Dans i Stand etter; og til Færøyane, der den gamle Visedansen enno skulde trivast, var Vegen lang.

Kg vart difor ikkje lite glad, daa ein Færing kom til Oslo og lova oss aa danse Færøydans og syngje Fa»røyvisur aat oss ein Kveld paa Maalmarknaden i 1898.

Men Færingen kom ikkje. Og det var rime-legt nok: ein Mann kann ikkje danse Færøydans, som eg snart kom elter.

Noko seinare fekk eg Tak paa eit Hefte um10

«Dans og Kvaddigtning paa Færøerne» av Dansken Hjalmar Thure 11; etter den freista eg aa faa i Stand noko Dans til lette Visur. Men eg kom ikkje langt. Og sist-paa saag eg at der var herre ei Raad: eg laut til Færøyane.

Daa eg hadde vori der, kom eg etter at Thurens Uppskrift i sumt var misvisande. Som rimeleg kunde vera; han hadde ikkje sjølv set Dansen den (longen.1

Paa Grunnlage fraa Færøyane hev me daa sidan arbeidt med aa faa upp ein ny norsk Folkevisedans, ein som kunde høve etter vaare Visur og vaar Tid.

Og eg trur al me er komne godt i Veg. Ikkje alle Stadir er Dansen god enno; men fleire Ungdomsflokkar kring i Lande er rett Hinke alt; og dei norske Visune vert meir og meir kjende.2

Færøydansen aaleine kunde me ikkje klara oss med; han krev stor Ring og øvde Songarar, den, skal han bli god. Den rette Færøydansen, ♦ den store Ringen» som eg vil kalle han, fær ein ikkje Liv og Magt i utan der er so mange med al Ringen kann bli «brotin» (meir seinare nm det): men her lvt me oftast taka til med smaa

1 Seinare hev Hr. Thuren vori pan Øyane og skrivi npp Visetonar: og nr» hev han fengi ut eit stort Vitskapsverk um «Folkesangen paa Færøerne». Der er Dansen skildra betre enn nokon annan Stad, det eg veit nm.

2 Dei smaa Folkevisehefti som Norigs Ungdomslag Studentmaallage tok til aa gje ut i 1903 er selde i

M>,nno Ekspl.11

"Ringar, og med reint uøvde Folk som fyrst og fremst maa lære aa syngje. Og berre det tek Tid.

Det er med Dansen som med alt: nye Tidir krev nye Formir. Me laut laga mykje nytt. lettare Formir med fleire Brigde; og til «lette hev Bilæte og Bøkar um gamle Dansar fraa ymse Land vori meg til Hjelp, soleis at dei Dansane eg beint fram hev laga (komponera) vonleg er haldne i rett Stil.

Andre er det og som hev laga Dansar; sume av desse Nvdansane er etter mi Meining rett gode, andre mindre høvelege. Men dei som ikkje er vene og høvelege kann vel ikkje halde seg uppe, fær me tru.

Beint gali er det, at mange hev fuska burt eit av dei fi Slegi, som maa bli haldne klaare, um Dansen skal vera lin og høve til dei gode Dansevisune. Der er endaa freista med ein ♦ reformera» Dans, som ser reint slillaus ut og høver lite med Aandi i Visune. Men kann hende der med Tidi kann vekse fram godt nytt av slike Freistnadir og.

Folkevisedansen, d. e. Dansen til episke Visur. var gløymd i Sverig og Danmark med, ja endaa paa Island; dei bad meg daa i 1903 koma til Stockholm med nokre norske Dansarar «g vise dei Dansen. Me reisle 10 Par; og Folk derinne varl so glade i Songdansen, at det Aare eller varl skipa ein Dansering av svensk Ungdom som eg hadde slor Tilede av aa arbeide med.12

Høvelege svenske Dansevisur fann eg hjaa Afzelius og Arvidson, og um det var i Sverig i som her, al alle hadde «gløymt sine gamle Stev.» so var daa baade unge og gamle glade ved aa lære deim «andre Gongen».1 Og eg skal segja der vart Song!

Sume av dei norske og færøyske Kvadi vart i og godt lika; nokre vart umsette, soleis Aasens «Aka paa Isen haale» (ved Diktaren Karlfeldt) og «Dvergemøy»2 og «Ormen lange»3 (ved Dr. Ruben G.son Berg). «Per Spelmann» tok dei utan Umsetjing. (Alle inntekne i Otto Hellgren's «Sånglekar från Nääs.) i

Jamvel Bokmennar og Vitskapsmennar vart hugtekne av Dansen. Professor Mo nie I i us. Styraren for Stockholms Nationalmuseum, var soleis ofte og saag paa oss; og han synte den norske Dansarflokken Godhug paa mange Maatar. Han hev sidan vist Saki sin Samhug med aa sende meg dei Bilæti av Dansen i Gamletidi paa Cypern og i Hellas som eg her tek med. (Sjaa lenger uti.)

1 Fru Ann Margret Holmgren. Enkja etter Prof. Frithiof Holmgren, som for meir enn 20 Aar sidan tok upp Arbeide for svenske Folkedansar og -Ilunadir, var tilstades og fegnast storleg ved Dansen og Kvadi. Alle desse herlege Visune er nye for meg.» sa ho: «det er Gull-gravararbeid. dette.»

2 litter mi norske Umsetjing.

3 Færøysk Kvad um Svolderslage etter norsk Umsetjing ved 1'er Sivle. i13

I 1905 var eg ved Lærarskulen paa Niiäs ved Gøteborg (der Leik er eit av Hovudfagi) og dansa med Ungdom fraa vmse Land : der var Folk av 11 Nationalitetar ved Skulen den Sumaren. Og Styraren, Hr. Salomon, ein gamal 1 røynd Pædagog,1 heldt Folkevisedansen for «ei herleg Gaa ve til Ungdomen». Aa hjelpe dei Unge til lin Leik var noko av det fyrste i alt Uppsedingsarbeid; ein Ungdom som gjev seg heilhuga og friskt med i god, sømeleg Leik, «for honom er jag siiker», sa han.

Sidan Leik hadde vorti fast Fag ved Skulen, so alle samla seg paa Leikvollen um Kveldane, hadde heile Arbeide vorte lettare ved den store Skulen. «Nu vet jag hvar jag har dem; och nu vet jag de alla ero glada och muntra, och inte linna paa Galenskaper,» sa den store Ungdoms-læraren, som endaa han var gamal] og sjuk stod og saag paa Leiken kvar Kveld, sulla Songane med og slog Takten med Staven sin; han saag ut som han gjerne vilde vori med.

I «Redogörelse för 1904» skriv han um Folkevisedansen, som ban daa berre kjende gjenom nokre av Stockholmselevane mine: «. . . . Desse folkevisedansar torde vara av icke

1 S. hev skapt det Hy som Skulen paa Nääs hev i alle Land. (Der hev vore Elevar fraa Argentina, Chile, Japan, Brasilia. Uruguay, Kusland, Croatia, lUimænia. Oranje Fristatane o. s. v.) Skrifte hans um Pestalozzi og dei pædagogiske Fyrelesingane hans erkjende og vyrde vidt ikring.14

obetydligt kulturhistorisk i 11 tresse, og måhändtt kunna de genom skoian ånyo komma til lieders i vårt land.» I 1905, daa lian fekk sjaa desse Dansane heilt utførde, vart lian reint teken. Det var den line Stor-Leiken med Kraft og Aandsinnhald, som me hadde sakna so lenge; den maatte bli fast i alle Ungdomsskular og hjelpe til med aa drive burt alle dei uiine Visur og aandlause Leikar som 110 skjemde Folkelive. At eg vart glad ved aa linne Tru og Samhug hjaa danne geniale Pædagogen (som han jamt vart kalla) segjer seg sjølv.1

Folkevisedansen hev seinare vunne seg godt Hom i Sverig; i Stockholm hev dei — u 111 framt dei store gamle Lagi som arbeider med svenske Folkedansar2 — eit stort Lag som arbeider serskilt for Visedansen.

Millom deim som var med i Dansen paa Naas var ei tysk Dame, Frk. Gertrud Meyer, som sidan hev ført Folkevisedansen til Tyskland. 1 ei liti Bok: «Tanzspiele og Singlänze» (Leipzig 1908) hev ho fyrst sanka ihop tyske Barneleikar (mange av dei same som me her kjenner fraa Nora Kobberstads norske Leikebok «Lett-paa-Taa»); so er der nokre svenske Leikar, og til Slutt kjem ei Umseljing av «Per Spelmann» og «Kraakevisa». Elter «Songdansen i Nordlandi

1 Salomon er no diverre avliden.

2 Det fyrste, «Folkdansens Vanner», vart skipa i Uppsala av Professor Holmgren for meir enn tjuge Aar sidan.15

fortel ho um Færøydansen og finn fram tyske Visur som høver til den. Boki er komi i lleire Upplag.

Ei onnor Dame fraa Naas hev ført Dansen til Amerika; men eg veit ikkje um han der kann trivast.

Me ser at Songdansen er vortin vide kjend paa desse 10—12 Aari; og held del fram som det no stemner, saa skulde det vera Von til at me um eit Tjug Aar eller so kan syngje og danse Folkevisur att som i gamle Dagar.

Daa eg var paa Færøyane i 1902 vart det meg sagt, al Dansen der ikkje lenger er so god som han hev vori. Det same les eg i det vesle Hefte av Sverre Patursson: «Nøkur Ord um hin færøyska Dansin». «Det finnst enno Dans hjaa oss,» segjer han, «som endaa den vandaste maa kalle god; men dei Bygdine som kann syne fram Dans som duger er so faa mot dei som hev mindre god Dans, at dei mest ikkje er reknande.» Denne Nedgangen viser seg i, at dei som er med «ik kj e d a n sa, m e n ren na», og daa er det ikkje Dans lenger, alt vert upp i ei Høre. Elter det eg saag der burte kann delte vera sant; men det var paa ei uhigum Tid eg var der (um Sumaren, daa dei ikkje plar danse anna enn i Olavsvuku); det var nok berre e i n Gong eg saag retteleg god Dans. Men det var og herlegt.

Visst er det, al noko av det eg i alle Aar1<)

hev stræva mest med er aa faa Flokken til aa trø lett og fint og ikkje «renne»; eg kann og segja at me i Norig alt

hev Dans som er betre enn den som ein stundom kann sjaa paa Færøyane. Me vonar, at me, paa vaar Vis, skal naa same Høgdi som dei derburte hev naatl — med Tidi. At Song-dansen vil halde seg uppe, um det stundom kjem Nedgangstidir, det kan eg ikkje tvila paa lenger.

Visune merkjer Dansen : dei gamle, sterke Kvædi gjev Eldhug og Sprækleik; men til laak Vise vert det laak Dans.

Det er dei som trur at Færøydansen er lett aa lære. Men der skal lang Tid til for aa skapa ein god Stordans som den færøyske Ringdansen. Skal det bli Liv og Magt og Venleik i lian, so maa ein helst vera «fødd med Kvædi»: maa kunna deim og elske deim, so ein i Dansen kan liva upp att den Sogo som vert songi. Den store Færøyringen krev mykje, av Kropp som av Sjel. Og i vor trøytte Tid er det ikkje allviss alle — i Bvane — som kann bli retteleg gode Kvedarar og Dansarer til dei gamle Stor-kvædi (Kjempevisune).

Men eg hev daa set ikkje so faa som med Arbeid og god Vilje kann naa langt. Likevel vert det vel enno ei Tid dei lettare Songdans-Maatane som vert mest aalmenne, dei som me berre hev laant Stegi til av Færøydansen, og som me elles fær kalla norsk Folkevisedans.17

At den og kann bli' god og ven og vel inntykt hev ine alt røynt; ikkje minst paa dei tri Ferdine «det norske Spellage» gjorde kring Lande i 1910—12. Daa vart det dansa Songdans kvar Kveld; og alle Stader vart han storleg fagna. Alle Blad, kva Farge dei hadde, og kva dei elles tykte um Arbeide vaart, so roste dei Dansen, og sanna at me der hadde funne fram ein gainall Kulturskatt som alle maatte fegnast ved.1 Og alle Stader vilde dei lære Dansen. Men Arbeidarane er enno faa; det gjeng ikkje so fort her som i Sverig og Danmark,2 der Arbeide med Folkedansen vert jamstelt med Arbeide for andre Folketraditioner.

Men det vilde vera ei større «Sak» enn mange trur, um me kunde faa Songdansskeid ved alle Folkeskular i Byane t. D.3 For god Leik gjer meir til aa vende Baanehugen fraa 1'sømd og laake Tankar enn alle Moralpreikur.

1 Hett Færøydans kunde me ikkje freiste aa dansa paa desse Ferdine, daa me var for faa.

2 1 Danmark hev dei sidan 1901 havt eit Lag som arbeider for Folkedans og Bunader, skipa ved Kandidat Otterstrøm. I)et hev med «ministeriel Understøttelse» samla Dansar. Hunader og Tonar vvi heile Danmark. Daa det hadde Statstudnad fekk det lett den Privathjelpi det trong, og det hev kome godt i Veg og gjeve ut fleire Skriftir. Laget heiter «Foreningen til Folkedansens Fremme».

3 Dei dansar «Folkevisedans» i Gymnastiktimane ved mange Skular: men Lærarane hev ikkje lært rett mykje sjølve, og Dansen vert daa deretter — ofte reint utskjæmt.

Me hev set no, at Songdansen er ein god Skule baade for Baan og vaksne; dei fine Songane og dei morosame og i alle Maatar friske og sømelege rytmiske Børslur utviklar Kropp og Sjel samstundes. Eg er aldri i finare og huglegare Lag enn Songdanslagi. Og møter eg ein ung Gut eller ei ung Gjente som hev lært seg Folkevisur og dansar etter deim, hugheile og glade, so veit eg, at det er frisk, framhuga Ungdom som eg aldri vil finna i Lag med Geiparar og Garpar eller paa nattlege Sluskeferdir frametter Vegane.

Sidan fyrste Utgaava av «Songdansen i Nordlandi» kom ut, hev eg vori paa mange Danseferdir kring i Lande, og eg hev lært og røynt eit og anna, so eg vonar denne Utgaava skal bli noko betre; ikkje minst vonar eg, at Bilæti vil gjera Skildringi av dei ymse Dansane meir livande.

Skildre Dansen soleis at ein kann lære aa danse berre etter Skildringi, det vil eg ikkje freiste no meir enn fyrr, av di det etter mi Røynsle er raadlaust; men for deim som hev set og lært noko, skulde denne Boki bli til Hjelp i Arbeide lenger frametter, tenkte eg. Og kunde ho gjeva ein og annan Hug berre til aa lære norske Visur, so var ho endaa ikkje skrivi til Faanytte.Dans hev vori kjend so lengi me i det heile veit noko um Mannaliv. Det ser ut til at alle, baade Naturfolk og Kulturfolk, hev funni Hugnad i aa syne fram gjenom Rørslur av Kroppen det som rørde seg i Hugen.

Fyrst og fremst er Dansen den naturlege Framsyning av Livsglede. Men mange andre Kjenslur hev fengi Folk til aa danse, Elskhug og Villhug, Daudrædsle og Sorg, men like so vel, og slett ikkje minst, Aalvorskjenslur og Tilbeding, og det i Gudshus som i Avgudshus.

Leirfat fraa Hellas 2000 Aar f. K.

Det hev vori dansa til Song og Framsegjing, til Veidingsrop og Herskrik og mange andre Villelæte, til Laatt og til Graat, og til dei mest barnslege Spelverk som til den finaste Toneleik; Dansen hev fylgt Menneskja gjenom alle Lægdir og paa alle Høgdir.

*

Dei hev skilt Dansane i lire Slag: gudelege Dansar, Songdansar (lyriske), Leikdansar (dramatiske), og so den store Mengd med sereigne Dansar, som ikkje høver inn under nokon av desse tri Bolkane.

Fraa Cypern. Bronseskaal 2000 Aar f. K.
Offerdans.

Den gudelege Dansen, Songdansen og Leikdansen finn me fullt framvaksne alt i Gamletidi. Daa maatte Dans vera med ved gudelege og verdslege Framstellingar av alle Slag. Det kann endaa sjaa ut som dei høgste Tankane hevforma seg gjenom Dans; fraa ei Ætt av Buskmennar er det soleis fortalt, at dei hev heile si Tru nedlagd i Festdansar. Naar det er ei Gudesogu som ein slik Buskmann ikkje kjenner til, segjer han: eg kan ikkje danse den Dansen.Fortalt av ein Guvernør Orpen. (Etter Moltke Moe.) Dei gamle egyptiske Prestane stelte fram gjenom Dans Stykke av Gudesogune sine; og dei hadde fraa eldgamle Tidir ein Likferdsdans, som gjenom Faktir og Rørslur framstellte Sorgi. Men Dansen var ikkje berre til Høgtidsbruk. Aa kunne danse høyrde beintfram med til god Uppfostring.

Fraa Olympia 2000 Aar f. K.

Um Jødane veit me, at dei tok upp Dans ved Gudstenesta, med Song til, og Leik paa lite kunstige Spelgreidur. Soleis les me um den Festdansen som vart dansa etter Ganga gjenom det raude Have: «Mirjam, Spaamøyi, tok ei Pauke i Handi si, og alle Kvende fylgde henne med Paukur i Dansen, og Mirjam kvad med deim: lat os lovsyngje Herren!»Dansen um Gullkalven var ei Herming etter den egyptiske Dansen for den att-funne Apis. Og denne Dansen kom smaatt um senn inn i den jødiske Gudstenesta, endaa Moses forbaud han.

Cypern. Kalkstein 2000 Aar f. K.
(Vonleg Prestar.)

Me høvrer fleire Gonger um Songdansen i Bibelen. Soleis hugsar me, at Kvendi av Israel dansa David til Møtes, daa han hadde slegi Goliat. «Og dei song mot kvarandre der dei leika,» stend det.

Men inkje noko Folk hev teki det meir aalvorsamt med Dansen, som i det heile medall Kropps-Øving, enn det hellenske. 1 Hellas galdt Dansen endefram for det vigtigaste i Ungdomsuppfostringi. Her finn me og Songdans og Leikdans i sin beste Blome. Dei største Skaldane kvad til Ære for Dansen, og mange av deim var ihuga Dansarar til høgt upp i Alderdomen. Sofokles vert nemd som ein framifraa Fyredansar; Sokrates høgvyrde Dansen, som han rekna til dei aalvorslege Læiegreinir og til dei vigtigaste fagre Kunstir (han øvde seg og sjølv ein Time kvar Dag i Dans, fortel dei). Plato, som sjølv førde store Kordansar paa Spel-Tile, gjekk endaa lenger; dei som ikkje hadde Sans eller Hug for Dans kalla han Tverdrivarar utan Folkeskikk.

Fraa Cypern. »Maitre» Terracotta
2000 Aar f. K.

Ein gamall islandsk Bokmann, Arngrim Provast, skriv i Miden av det 17de Hundradaare um dei islandske Vikivakar og Ringleikar, at dei hev Merke av den hellenske Dansen. Ognaar ein samanliknar det vesle me hev av Skildringar og Bilæte fraa desse Leikane, ser det ikkje uriinelegt ut, at der er eit Samanheng millom Dansen i Hellas og den Dansemaaten som fraa gamalt er det faste Grunnlage for Songdansen paa Færøyane (og Island og

Norig fyrr). Soleis er det likt til at dei vanlege 6 Stegi hev haldi seg noko-so-nær ubrigde paa den lange Vegen súnnanfraa og nordyvi. Ein finn deim att m. a. i franske Millomalder-Dansar. Fotflutningi i den Kjededansen dei kalla «branle simple» vert uppsett soleis:

Vinstre Fot fram, høgre etter. Vinstre Fot fram, høgre etter. Høgre fram, vinstre etter.Thuren: «Songdansen paa Færøyane» S. 48.

Delte er, som me ser, plent Færøystegi.

Bøndane i Grækarland dansar enno Songdans sume Stadir. D. v. s.; det er nok no mest berre Kvende som dansar, og vanleg til lyriske Visur. Den danske Maalaren Nils Skovgaard bev maala eit herlegl Bilæte av ein slik Dans i Megara; og eg hev fengi Løyve til aa ta det med her etter Fotografi.

Dansesong fraa Megarn (Vinteren 1895).

Den Visestubben som stend yvi Bilæte er skrivin upp etler Minne av Fru Skovgaard;Songdans fraa Megara (Hellas) i vaar Tid. (Etter Maalarstykke av Nils Skovgaard.)26

han høver framifraa godt til Sligi i Færøydansen.

Ein ser her at Ringen skipar seg saman paa ein annan Maate end hjaa oss. Ingen held Sidemannen i Handi, men den næste i Ringen ; Armane vert daa krosslagde heile Vegen som ein ser paa Bilæte. Del ser og ut til at Ringen her gjeng mot Høgre, alivist stundom-til.

Dei skal danse Songdans i Elevsis og enno; men den i Megara meiner Skovgaard er den beste.

Det ser ut paa Bilæte fraa Megara, som dei dansar med opin Ring; det er og ein Maate som er vel kjend fraa Nordlandi. «Jomfrudans» eller «Kvennädans» var og kjend paa Island. Kvennadansen var «blidari» og «tydari» enn «Kalladansin», som var «hardari ogåkafari».1

Det kann vel hende det var Kvendi, som fyrst lok til med Dans i Nordlandi. Dei fekk ikkje vera med i Manns-itrottane utadørs; og daa kunde det vera rimelegl al dei tok Dans og Leik til aa trøyte Tidi med. At Kvendedans vert tidleg nemd er visst.

Den Dansen Homer skildrar i Iliaden (18de Songen) likjest endaa meir paa Færøydansen enn den fraa Megara. Homer kved:

«blomande Gutar i Lag med unge herlege Møyar

heldt kvarandre i Hand og dansa den leikande Ringdans: —

1 Olafur Davidson: «islenzkir Vikivakir og Vikivaka-kvædi. Mollers Forlag. Kaupenhamn 1894.27

snart med lette Kotstig ikring dei hoppande krinsa, just som naar Pottemakaren tek eit Tak i si Skive, sveivande henne ikring til aa sjaa um rett ho vil svive: snart i Hader dei hoppa fram til Mots med kvarandre.»

Naar ein no veit, at der i tien hellenske Dansen var ein «Korførar» som kvad Danse-songen og førde Ringen, og at Ringen («Kore») «tok under med Føraren» i Songen, naar han trøytna, so er dette beintfram som ei Skildring av Færøydansen. Samanlikningi med den svivande Skiva aat Pottemakaren er serleg forvitneleg ved di at ho gjev oss Kilæte av ein Ring som altid sviv fraa Høgre til Vinstre (som Soli fra Aust til Vest); for Færøydansen og dei eldste Ringdansane me elles veit um sveiver seg til Vinstre.

Daa Prestane paa Island i den seinare Millomalderen førde Strid mot Visedansen, vart jamvel dette brukt til Vaapen i Striden. At Ringen gjekk til Vinstre var eit av dei mange Teikni paa, at Dansen høyrde Hin-Mannen til, vart det sagt.

Elles hev dei havt dilike Dansar vvi heile Verdi, er det likt til. Um Ringdans — vonleg OlTerdans — med Song hev eg lesi fraa det gamle India, og i Johanne Ministers Bok «Chrysanthemum»1 er det fortalt um ein Song-dans fraa Japan (Jomfrudans med Solo og Kor); ei Gjente syng Versi og 6 syng Stevi. Songen vert

1 Gyldendal 1901.fylgd (akompagnera) med Kastagnettar og Bliktur (Vifter). Denne Dansen er visst gamall i Japan.

Islendske Prestar som skreiv imot Dansen selte han stundom òg i Samanheng med gamle ægyptiske Dansar.

Færøydans.

Paa Island hadde dei baade «Gongdans» og «Hoppdans» og «Snarsnuningar» likeins som paa Færøyane, der alt dette liver enno. I den Dansen som mange trur er den eldste der (Trokingar Stev)Sjaa Folkesangen paa Færøerne S. 8 og Davidssons «Islenzkir Vikivakar og Vikivakakvæði» S. 92. stend Ringen mest paa ein Flekk med' Fvrisongaren kved Versi: berre til Stevi vert det dansa med Liv og Kraft. Denne Maaten er no mest avlagd. Me hev freista det29

her og; men det vilde verta unaturlegt og daud-legt for oss. Til lystige Viser høver «Hoppdans» og «Snarsnuningar»; til aalvorsame Kvad den meir høgtidsame Gangdansen. Stilslegt og fint vert t. D. Bryllaupsdansen paa Færyøane (til gudelege Visur) dansa. Der gjeng sjølve Presten med i Ringen. (Den gamle «hyklædde» Mannen som er med paa Rilæte ovanfyre kann vel vera Presten.)

I ei Rok 11111 Dansekunsten i Tyskland nemner den tyske Bokmannen Bølime Færøydansen i Samanheng med dei eldste Dansane hjaa Germanane. Men den einaste som hev skrivi utførleg um «Dans og Kvaddigtning paa Færøerne», den danske Granskaren Hjalmar T hu ren, trur ikkje paa det at Færøydansen skulde vera so gamall. Han meiner at ein heller kann setja han i Samanheng med dei Songdansane som i Millomaldren var kjende yvi mest heile Europa. Fyrst og fremst daa med den franske «Carole», som vart dansa til smaae Stevsongar (lyriske), «Carole-Songane»; den hev, liksom dei tyske Dansevisune fraa same Tid, ein Taktgang paa Lag som Dansekvadi paa Færøyane.

Av dei tyske Dansane fraa same Tid er det Minnesongarane sin «Tan/.» som Thuren sét i Samanheng med Færøydansen. Denne «Tanz» var svært høgtidsam. Han vart ofte dansa so stødt og rolegt, at Fyredansaren kunde gaa med eit fyllt Vinglas paa Hovude, og inkje slaa ned.30

Men i den vanlege Færøydansen, slik som han no vert dansa, skal visst ingin kunne gaa med Vinglas paa Hovude, anten fulle eller tome, so mykje som den minste Stund. So at eg skulde heller vilja setja den Færøydansen som eg lærde, i Samanheng med dei lystige «Reihen», ein Dans som tyske Bøndar dyrka i gamle Dagar, enn med den høgtidsame Minnesongar-«Tanz».

Eg hev og set ei Uppskrift um ein Bondedans fraa Ditmarsken (fraa Slutten av det 16de Hundradaar), som minnte heilt ut um den Færøydansen som eg kjenner. Paa eit Bilæte fraa det 15de Hundradaare — det er aa finne paa Nationalbiblioteke i Paris kann ein like eins sjaa franske Bøndar ute paa eit Jorde danse ein fullgod Færøydans («Maidans»). Ringen gjeng til Vinstre, Kvedaren er Fyredansar, og det ser ut til at Føtane verd førde i Dansen plent sameleis som paa Færøyane. Der er berre den Skilnaden, at paa det franske Bilæte sit det ein Mann utanfor Ringen og blæs paa noko som ei Sekkjepipe. I det heile finn me ofte, at dei i Sørlandi hev havt «Spel» til Dansen, um det vel for det meste ikkje vart stort meir enn at dei «bles Takten >,som Prof. Moltke Moe hev kalla det.

Fraa Island høyrer me og um Fløyte (Pipe)1 saman med Song til Dansen: «Nu er dansad eptir pipu Péturs bönda ... ok kvedid vid raust]h'ss a millum.»

1 Davidson: «Vikivakar og Vikivakikvædi» S. 21.Folkevisedans paa Maihougen.

Til oss synest Songdansen (eller Stevdansen, som Prof. Moe helst vil kalle den eldste Songdansen) vera komin den vestre Vegen: fraa England og Frankrike. Straumen fraa Tyskland hev vori mindre sterk, og gjorde vel mest av seg i Danmark. Det som me no kallar «Folkevisedansen» er uppkomin noko seinare (ikr. Aar 1200), daa den germansk-romerske «Stevdansen» vaks ihop med dei franske Chansons d'histoire (Sogukvad), som i Heimlande sitt ikkje vart bruka til Dans. Samanveksingi maa ha gjenge for seg i Norig eller daa i «Nordlandi».Moltke Moe: «Indledning til Folkeviserne».32

Desse sermerkte episk-lyriske Visune, som berre i Nordlandi hev vori songne lii Dans, er soleis laga, at Vers og Stubbar av den lyriske Visa (Stemningsvisa) vart Stev (Umkvæde), stundom Innleidingar, til dei forteljande (episke) Visune.

Til Dømes:

Stolt Gudmund han tala til Gullsmeden so

— fager feller Sol og Blomar alle —: maa eg Signeliti, Dotter di faa?

— for dei som so vel kunde leike.»

Eller:

«Liti Kersti ho var seg so litit eit Viv

— Bronfolen løyper lett —;

ho kunne ikkje raade sitt unge Liv.

— Hu, det regner og det bles.

For nordan unde Fjøllo,

djupt under Heilo,

der leikar det.»1

Her ser me Millomsleng og Ettersleng (Millomstev og Etterstev), som ikkje hev noko med Sogo i Visa aa gjera. Det er berre som eit Tonefylgje eller Stemningsfylgje, som skal hjelpa til aa gjera Huglage i Visa sterkare og Dansen meir livfull.

Lyrisk Innleidingsvers til ei forteljande Vise ser me Døme paa i den gamle Valdris-Visa «Torø liti»:

1 Sjaa «Norske Dansevisur» Aschehoug & Co. 1913«Duva sette seg paa Liljankvist, Gud aa raade.

Ho synger so fagert um Jesum Krist, Herre Gud gjeve oss sin Naade.

Høyr du Tore liti kva eg segjer deg, (iud aa raade:

Lyster du av Lande aa fara med meg'.' Herre (iud gjeve oss sin Naade.» O. s. f.

Soleis er det i ei Mengd med Visur; og det er daa kannhende rettast aa kalle den nordiske Songdansen ly ri s k-dra m a ti sk. Elles er Dansen til forteljande Visur fyrst og fremst dramatisk, og hev havt eit høgre Aandsinnhald enn Musik-dansane; desse hev mest berre vori erotiske Dansar.

Men det vart etterkvart nok av erotiske Song-dansar med,baade gode og daarlege. Ein kann paa Island fylgje Dansen Stig for Stig ned-yvi fraa dei gamle høgtidsame Stordansane. Fyrst vart Kyrkje-dansen flutt ut paa Kyrkjebakken; dei gudelege Visune vart umbytte med verdslege, — Soguvisur, Kjempevisur, lyriske Visur og tilsist meir og mindre ufine Kjærleiksvisur (Mannsøngskvædi). Dei stilfarande Kvrkjedansane vart sterkt dramatiske (til Kjæmpevisune) eller fekk blidare Stemning ettersom Visune skifte. Lettare Dansemaatar vart aalmenne. Sistpaa er Visa komi reint burt, og me hev i nyare Tid fengi Musikdansen, som er rein Stemningsdans.

Noko dilikt gjeng i vaare Dagar for seg paa

Færøyane; der er det med Dansen no som det var paa Island og i Norig for 200 Aar sidan. Men som vel er hev mykje av Folke der vakna og arbeidar no ihuga paa aa halde uppe den gode Songdansen saman med Maale sitt og andre Erveminne.

*

Millom dei Skikkane som fraa Heidindomen gjekk yvi i den kristne Kyrkja, finn me Fest-gongune paa dei store

Høgtidine, og Dansen. Smaatt um Senn vart det gløymt kor desse Skikkane var komne ifraa, og etter ei snodig Uttyding av nokre Ord hjaa Apostelen Paulus vart Dans funnin tillateleg ved Kyrkjetenesta. Kor-Golve i dei eldste Kvrkjune vart gjort noko høgre enn Golve elles, paa Lag som andre Spel-Tile; og her førde daa Prestar fram dei heilage Dansane. Enno hev me Minningar um denne Allerdansen i den katolske Messa.

Noko av det fyrste me høyrer um Dans i vaare Land er daa og, at der vart dansa paa Kyrkjebakken og i Kyrkjune. Dei islandske Song-dansane og Dansekvædi fraa Millomalderen hev endaa fengi Namn etter desse Kyrkjedansane. Der var Vakenætar fyri dei slore Høgtidine og Heilagmessune; um Jolenatti, t. D., var det Natt-messe; og naar no Folk hadde lang Kyrkjeveg, som dei paa Island jamt hadde, so for dei ikkje heim att fyrr dei hadde høyrt Messa Joledag med. Hus med Natti var det ikkje mange som35

kunde laa; og til aa trøyte Tidi gjorde dei daa «Samanskotslag», og dansa millom Messune. Desse Dansane og Danseleikane vert i islandske Skriftir kalla med Namn som minner um desse Vakenætane: vaka, vokunott, vikivaki. Vikivaker er snarare Leik enn Dans; Namne er noko uklaart, so dei Lærde er ikkje samstellte um korleis dei skal tyde det.

Alt i det lite Aarhundrade vert Vikivakar nemnde i islandske Skriftir. At desse Vikivakar var Songleikar er det ikkje Tvil um; ein høyrer aldri at Spel vart brukt i den eldste Tidi; men derimot hev dei funni og berga ikkje so faa Vikivakikvæde, som i den gamle Tidi vart kalla Dansar. «So kvad Tortur Andrésson denne Dansen: «Tunge er Sorgine mine som Bly»,» stend det ein Stad; og ein annan Stad les me: «Møyar slog Ringleik og kvad dertil», o. s. fr. I ei Samling av dei islandske Vikivakar segjer Jon Arnason: «Dansane vaare i Gamletidi var soleis, at Kvende og Mennar stod uppstellte imot kvarandre eller i Ring, og steig so fram, og song til. Det var korkje Hoppdans eller Snarsnuningar, men heller ein stillfarande Gangdans.» Etler andre Fraasegnir hev det nok vori baade Hopp-dansar og Snarsnuningar med.

I Norig meiner dei daa at Dansen hev vori noko-so-nær den same som han var paa Island og Færøyane, og at han er komin der ut fraa Norig saman med mange av Dansekvadi. Nokor36

Skildring av Dansen i Norig i dei Tidir finst det ikkje, det eg veit; men Rudolf Keyser maa ein tru er komin det rette so nær som Raad er, naar han i Roki si um «Nordmændenes Forlystelser i Oldtiden» skriv: «Det ser ud, som der til Nordmændenes Dans i gamle Dage ikke har været hrugt Instrumenter; men Sang hørte til. Der dansedes til selvlavede Viser af forskjelligt Indhold. Disse Kvad blev kaldt «Dansar», og de som dansede har ved Miner og Bevægelser fulgt det som sunget blev.» Han gjeng ut ifraa, som me ser, at Dansen «i gamle Dagar» hev vori den same i Norig som han enno er paa Færøyane.

Mange av Folkevisune vaare gjeng i same Takt som Dansekvædi paa Færøyane, og hev i dei fyrste Tidir vori brukte til Dans liksom Færøykvædi.

I dei eldste Fraasegnir um Live i Nord-Landi vert Dans aldri nemnd. Og dei Itrottar som vert umtala er alle utanstokks, eller daa visst Manns-Ilrottar. Med Dansen er noko nytt komi inn i Live for desse Mennane: dei hev meir enn fyrr fengi «Kvinna med i Moroleik og Lag». Og det hev visst etterkvart gjort mykje til aa lempe

paa baade Tenkjemaate og Livemaate.

*

I den seinare Millomalderen gjekk det her uppe som det var gjengi i Landi lenger sør;Dansen vansteltest. Den gudelege Dansen vart verdsleg; den skikkelege Dansen vart raa og utukta. Og det tok til med ein Strid paa Live mot all Dans. Presteskape i Norig og paa Island og Shetlandsøyane fekk daa etterkvart Dansen og Danseleikane avtekne. Seinare enn i Slutten av det 18de Hundradaare er Visedansen ikkje nemnd paa nokon av desse Stadi ne.

Dr. Olafur Davidsson gjev forvitnelege Upp-lysningar um Prestestriden mot Dansen paa Island. Folke vart skræmt paa all Vis; og liksom i Tyskland vart der utgjevi ei Mengd med Skriftir mot Dansen og all som til Dansen høyrde. Fæle Sogur vart spreidde um, at den Vonde sjølv hadde vist seg og vori Fyredansar baade her og der; ei av desse Sogune skal eg fortelja:

Ein ung Prest gav seg so hugvillt vvi i Dansen Jolenatti, at han gløymde aa gaa inn i Kyrkja til Messe Joledags Morgonen. Mor hans kom daa ut og bad honom vent um aa slutte med Dansen og gaa i Kyrkja. Men Sonen høyrde ikkje paa henne. Tri Gongir kom Mori ut og «bad med mange Ord» at han maatte slutte; men han svara berre: «enn ein Ring, Mor mi!» Daa saag ho med ein Gong den Vonde danse med i Ringen. Vitskræmd tok ho ein Hest og reid av etter Grannepresten. Men daa ho kom att med honom, og med mykje anna Folk, hadde Jordi opna seg og gløypt baade Presten38

og Kyrkja. Og ned i Jordi høyrde dei «Yl og Gaul», stend det. Denne Sogo vert fortald fraa ymse Stadir paa Island.

Fraasegnir um dei fæle Danse-Farsöttine i Tyskland (ikr. Aar 1400) hev kannhende og naatt upp-yvi og vorti brukte til Skræmsle, daa Dansen tok til aa bli for vill og ufolkeleg. Etter Skildringar av dei mest utøymde og lausgjevne islandske Danseleikane, skynar ein, at der hev vori mangt som hev minnt um St. Veitsdansen og Johannesdansen,1 og som kunde vekkje Rædsle for Styggedomar av det Slage som ein saag so mykje av i Tyskland daa i lange Tidir.

Det var reint som del fløymde med Strids-skriftir mot Dans rundt i Landi no; og det gjer heilt upp godt aa høyre den rolege og vituge Tale som Luther førde i denne Saki. Han segjer mill. a.: «Daa Dans hjaa oss er Lands-skikk, likso vel som aa beda Gjestir, pynte seg, eta, drikke og vera glad, so veit eg ikkje aa fordøme han, utan naar han er tuktlaus eller vert drivin til Umaate. At Synd og Last finst saman med Dans er ikkje Dansen si Skuld, men den vonde Hugen hjaa dei som dansar. Liksom det ikkje er Maten eller Drykken si Skuld at some et eller drikk seg til Svin. Der det gjeng

1 Kalla so av di dei dansegalne som for etter Vegine i religiøs Ørville vart gode att. naar dei vart borne inn i Kyrkjur som var vigde til St. Veit eller St. Johannes. So trudde allvisst Folke.39

sømeleg til læt eg Skikk og Bruk ha sin Rett og dansar gladeleg.» Fleire Stadir talar han paa same Maaten.

Men Dansen fekk dei Ende paa; det gjekk her som so tidt: dei slog Baane ut med Bade-vatne. Mot Slutten av det attande Hundradaare var det Ende paa mest all Dans, baade den laake og den gode.

Det einaste som skal vera att av Dans til Vikivaka-Kvædi paa Island er, so vidt som eg hev kunna sjaa, «Alfabrenna» dei kallar, som vert leika St. Hansnalti eller Nyaarsnatti. Eit ungt Par vert utklædt til Huldrekonge og Huldre-dronning, og so finn dei ei Kjelde og dansar rundt den med Bik-Kyndlar i Hendane og syng gamle Dansekvad til. Ein Islending hev fortalt meg um dette. Og i eit lite Hefte, «Frjettir frå Islandi», 1873, vert nemnt «Alfa-flutning» um Nyaarsnatti; men der stend at det er ein ny Leik som Skuleungdomen i Reykjavik hev teki til med. Er det det same som Alfabrenna, so vil det daa visst vera gamalt nytt. Kvndel-(Fakkel-)dansen er upphavleg'græsk-romersk, men var i Millomalderen mykje uppe i Tyskland, serleg ved Kongebrvllaup og andre store Lag. Island hev daa vel fengi han derifraa. Daa eg var paa Island i 1903 spurde eg alle Stader etter den gamle Alfabrenna, men ingen visste noko um korkje den eller andre Songdansar. Av Folkevisur høyrde eg berre ei, «Olafur Liljuros».Færøydans. (Eller Maalarstykke av Krause.)

Dei Fraasegnir ein hev um gamle Kvaddansar i Norig og paa Island er svært uheile, og visst veit ein berre at det hev vori mange Dansemaatar, og at sùme av desse hev vori41

mykje like dei som enno er i Bruk paa Færøyane. Soleis fyrst og fremst den store Ringdansen, som er mest i Bruk der; so den opne Bingdansen, Ringbröt, og endeleg Bandadansen. Desse Dansane er alle umlala i Boki um Viki-vakar av Dr. Davidsson. Men der var og ei Mengd med andre Dansar og Danseleikar, som for det meste vart dansa lii Mansöngknædi; av deim finn ein og mange lijaa Dr. Davidsson. saman med Fraasegnir um ei heil Mengd med Leikar.

Til Hjaltland (Shetlandsøyane) kom like eins Dansen og mange Visur fraa Norig. Den skotske Lærde Lo w, som i 1774 reiste paa Hjaltland, segjer at dei daa der hadde ein Dans paa Lag som Færøydansen, og dansa den til Stev («Visick») eller Visur paa halvt gamall-norskt Maal. Den einaste som er att av desse Visune no er Hihiinakvade, som Prof. Hægstad hev tydt. Men Dansen er for lengi sidan gløymd, paa Hjaltland som paa Orknøy og Island.

Den einaste Staden der Kvaddansen hev haldi seg uppe er daa Færøyane. I)er er han enno den gode Moro og friske helsesame I trott som lian alltid i seg sjølv var. Alle Fraasegnir fraa Færøyane stadfester al Dansen her alltid hev vori lin og sømeleg.

Soleis les me i den fyrste Boki som er prenta um desse Øyane, «Færøernis oc færøiske Ind-42

byggeris Beskrifvelse» av Lucas Debes (Khvn. 1(573): «De ere ikke genegne til megen unyttig Tidsfordriv eller forfængelig Lystighed, men mest forlyste sig med Salmer at sjunge Dagen igjennem. Men ellers udi deres Brølluper og udi Juledagene forlyste de sig med nogen eenfoldig Dantz, udi en Kredz, havende hverandre fat om Haanden og siungende nogle gamle Kiæmpe-viser. Men forargelige Lege paa de Tider at øve vide de intet af.» Det saine Vitnemaal gjev og dei som seinare hev skrivi um Dansen paa Færøy. Mange andre gamle Bokmeistrar hev og nemnd Dansen, men dei hev skildra han gale eller alvisst so snaut, at der lite Rettleiding er i det.

Men kva denne «eenfoldige Dantz» hev vori for dei einslege Øybuane, det fær ein ei Meining um, naar ein er der burte ei Stund og set seg inn i Liv og Livsvilkaar.

For det fyrste hjelpte denne Leiken deim til aa halde seg friske, hugfriske og kroppfriske, i den lange Vintertidi, daa Storm og Uver ofte tvinga deim til eit Inneliv som lite høvde for Fjellfolk og Sjøfolk. Mange vanskelege Tilhøve hev dei og elles gjenom Tidine havt aajstridast med, som gjorde det godt for deim aa hava slik ein god Leik til Hugletting og Tankespreiding. Men samstundes vart Visedansen som ein Skulegang for Baan og Ungdom.

Gjenom den kom dei inn i den store Segn-43

og Sogudikting som daa raadde Grunnen, baade den nordiske og den som kom til Øyane sun-nanfraa gjenom framande Sjøfararar. Det vart mange Dansekvad av dette. Og helst valde Diktarane slike Emne som gav Tilføre til aa kveda um gode og store Kjenslur, Manndom og Mod, Truskap og Æreferd, Riddarhug og Sjølvofring i Kjærleik og Venskap allt inn i Dauden; men for den rædde og for den som sveik ein Vén i Naud var der ikkje Refsing streng nok.

Det folkelege Skjemtevit vart og gjenom Dansen løyst gjenom løglege Stev og Spottevisur. Ein vanleg Maate aa refse ein Mann paa naar han hadde fari rangt fram, var at tvo handfaste Karar tok han imillom seg i Dansen, og tvinga han til aa danse med etter Spottevisur som var dikta um han og no vart songne. Eller dei dikta Nidstev um han med' dei dansa og lét desse Stevi hagle nedyvi Syndaren, til dess dei tykte han kunde ha fengi nok. Stakkaren hadde ikkje anna aa gjera enn aa bite ifraa seg so godt han kunde; og dermed var daa Saki avgjord. At Færingane enno hev denne ovunds-verde Improvisasjonsgaava høyrde eg sjølv paa, daa eg var der burte (Sumaren 1902).

Eit av dei kjendaste Spottekvædi fraa nyare Tid er «Fuglekvæde» av den folkekjære Diktaren Skipar PaulNolsøe. Det er ei kvass og lentug Spottevise yvi dei danske Embættsinen-nane. som styrde og stellde som dei for godt44

fann paa den Tidi, — «Monopol-tidi» dei kallar, den usæle Tid for Øyane, daa heile Handelen var i Hendane paa eit danskt Handelssamlag. Dikte kom ut i 1807 og varl lagt framifraa Merke til; men det er ikkje lett aa skyna for Framande No hev nok ein maallærd Færøying, Dr. Jakob Jakobsen, gjevi det ut med mange Uttydingar.1 Men so hev Herr Jakobsen nytta ein ljod-rett Skrivemaate, som gjer Dikte ulesande for alle som ikkje veit korleis Færøvmaale vert ut-tala.2 Fuglekvæde vert enno songi mykje til Dans paa Færøyane; og der er vel knapt eit Baan som ikkje kann — daa visst det folkekjære Fylgjesteve:

«Fuglin i fjorone vi<5 sinum neve reida — mangt eit djör og höviskan fugl hevur han graitt fraa deiöa. Fuglin i fjorone!»

Tonen er og overlag lin.

Nolsøe liknar seg sjølv med «Tjaldre» eller «Strandskjori», denne «Fugl i Fjørone». som med sine Varsleskrik og sine Kløar bergar so mang ein «Smaafugl» (Bonde) fraa «Rovfuglane» (Kmbætsmennane). «Tjaldre» hev paa Færøyane

1 Kaupenhamn 1892 (Moller & Thomsen).

2 I den gamle Skrivemaaten (etter Hammershaimb) er Færøvmaale elles lett aa faa Tak paa for alle som kann (iamallnorskt, Islandskt eller berre kjenner eldre Formir av norskt Lanclsmaal.45

vorti Merke for Kjærleik til Fedralande og er innteki paa Flagde: ei kvit Strandskjor paa blaa Botn. Eit anna Spottedikt av Nolsøe: «Jakup ä Møn» er like eins svært godt lika.

Av den Mengd med Dansekvad som fraa gamalt av hev livt paa Færøyane, er 110 eit stort Tal. kannhende dei Heste, uppskrivne. Alt i 1781 samla ein Student fraa Færøyane, S va ho, mange Visur; men dei vigtigasie og eldste Kvadi, Sjurdarkvædi. kom ikkje fyrr i 1822, utgjevne ved den danske Presten og Vokstrkjennaren Lyngby. Men Lyngby kunde ikkje Færøy-maale, og Samlingi hans vart daa full av Maal-Mistak. I 1851 gav V. U. Hammershaimb, I vai Aasen for Færøyane, «Sjurdarkvædi» ut paa nytt. Boki inneheld ikkje mindre enn 15 lange, og stundom svært lange, Kvad (upp til 800 Vers) um Sigurd Faavnesbane og Storverki hans. Kvædi er merkeleg heile, og ofte storfagre.

Og ikkje berre desse eldste Kvædi — som der og er ein framifraa lin gamall Tone til —, men digre Band av andre Dansekvæde er seinare samla, av Hammershaimb («Færøiske Kvæder»), Dr. Jakobsen o. a. Der er tusund paa tusund med Vers. som alle hev livt berre gjenom Danse-stogu-Songen.

Den merkelege Tonen til SjuröarkvæiM skal etter Prof. Moe vera den eldste Visetonen som er kjend, ikkje berre i Nordlandi, men i det heile. Det er og forvitnelegt, at Innverknad nordanfraa46

skal syne seg i skotske, engelske og nederlendske Visetonar, med' det i nordisk Visemusik ingen keltisk Innverknad skal vera aa sjaa. So meinte daa visst dei Lærde fyrr. No ser me, at Hjalmar Thuren trur mykje paa keltisk Innverknad i Færøysongen. Det er ymist som tyder paa, segjer han, at den Sansen for Pentatonik (Fem-toneskala), som viser seg hjaa Færingane kjem av keltisk Innverknad; det hev, som me veit, vori mykje Keltar paa Øyane i gamle Dagar (irske Munker busette seg der); og Keltane hev svært mykje bruka Heiltone-Stig i Songen sin.1

Og det er nett paa Süd-Færøyane, der Folke hev mest keltisk Blod i seg, at ein finn den reinaste pentatoniske Songen.

Keltane var store Musikdyrkarer; dess meir trulegt er det, meiner Thuren, at dei hev sett Merke etter seg i Færøysongen. Det er uvisst kven som hev Rett; men det som er visst er, at Færøysongen minner sterkt um den gamle Vise- og Salmesongen i norske Bygdir.

Kvar m e hev fengi den Syngjemaaten fraa, det er der vel ingen som hev spurt etter.2

— I alle Nordlandi, Færøyane undantekne, er mykje av Dansevisune burlkomne med Dansen. Daa visst er det etter Maaten faa Visur,

1 Døme: c, d, f, g, a, c.

1 Erik Eggen hev vori inne paa desse Spursmaal i nokre forvitnelege Stykke um «Norsk Salmesong». (Norsk Toneblad Nr. 12 1911 og 2—3 1912.)47

som hev livt fram heile, etter at Dansen var somna av. Dei fleste som hev naatt vaar Tid er «sjøskadde», i alle Fall holutte, usamanhangande; ja ofte er dei usikre Samansetningar av ymse nedervde Stubbar. Synd og Skam er det, at me ikkje fyrr fekk skrivi upp det som var gøymt i Fjellbygdine; mykje av det er no burte for all Tid. Og endaa lyt me vera glade at noko er berga, — ikkje so lite heller. Takk skylder me her serleg M. B. Landstad, Jørgen Moe, Hans Ross, Sophus Bugge og Moltke Moe. I seinare Tid er yngre Folk og komne med i Arbeide; imillom deim maa ein fyrst nemne Rikard Berge og Knut Liestøl.

Det er eit seint og vandt Arbeid aa sigte aa reinske Visune etter Vitskaps Krav. Ei heil Mengd Visur er Rekevisur som—paa Drift fraa Land til Land — er komne hit upp med. Dei hev daa gjerne teki ymis Skapnad i dei ymse Land; og mykje kann vera ihopblanda og sidan umstellt paa nytt Lag, so ein lite veit aa segja kvar Visune eig

heime.

Eit Døme: «Olaf Liljukrans». Denne Visa — kjend og umtykt i alle Nordlandi — finn ein i «Des Knaben Wunderhorn» plent so som dei hev ho paa Dansk (i eit av dei beste Fraabrigdi). Og Landstad hev ho paa norskt mykje lik den danske. Paa Island hev dei ho i reint sermerkt Form; fraa Færøyane veit eg ikkje um ho; Sverig hev fleire Fraa-48

brigde av ho; eitt likjest mykje paa vaar, men er svært uheilt.

Den tyske hev ikkje Umkvæde.oghev vel ikkje vori brukt til Dansevise; me hugsar at dei dansa ikkje til episke Visur i Tyskland, etter det me veit.

Den danske, «Elverskud», hev i fyrste Helvti av Visa so mjukt og danskt eit Stev:

«I men Dansen den gaar saa let gjennem Lunden».

Men i siste Helvti, der Oluf kjem sjuk og sorgfull heim, skifter Visa Tone og fær nytt Stev:

«Men der han kom til Borgeled,

der stod hans Moder og hvilte sig ved :

hvad hjælper det vi kvide.»

Det er ei av dei linaste danske Fokevisune eg veit um; og me hev ofte dansa etter ho heroppe desse Aari.

Eit Vers i denne Visa syner paa ein løgleg Maate koss Meiningsløysur kann koma inn i Umsetjingar. Det lyer so:

»Vil du, Hr. Oluf, træde Dansen med mig,

et Hoved av Guld da giver jeg dig.

1 men Dansen den gaar saa let gjennem Lunden.»1

I den tyske stend:

«Hör' an, Herr Olof, tritt Tanzen mit mir; einen Haufen Goldes sehenk ich dir.»

Ein Haug med Gull vil ho gjeva han, ikkje eit Hovud av Gull, som dei no syng alle Stadir.

1 I Axel Olriks Utgaave av «Danske Folkeviser med gamle Melodier» ved Thomas Lauh (1899) stend eit Fraabrigde som ikkje hev dette Verse.49

Paa sovori Vis er vel mangt komi inn i Visune som ikkje der høyrer heime, — mykje av det som er vandt aa skyna med.

Sermerkt og fager er den islendske Visa um «Olafur Liljuros», endaa ho er mindre heil enn den norske. Teksti er handsama reint fritt; det nye er at Olav ver seg mot Alvemøyi ikkje berre av di at «i Morgo skal hans Bryllaup staa», men av di han er ein Kristen og heller vil paa «Herren tru», enn «millom Alvar bu». Kvart Vers hev tvo Linur og eit Millom-stev paa ei (som i dei andre Nordlandi); men Ettersteve hev tri Linur, og det skulde tyde paa, at Visa paa Island lengst hev vore nytta til Dans. For dei lange Stevi er laga for Dansen ; dei stuttnar naar den gjeng utor Bruk, og vert sistpaa ofte reint burte.

Tonen er paa Island sterk og eggjande og full av nordisk Mystik, reint motsett den blide, yndefulde danske. Og framifraa god Dansetakt hev han; Songen er daa og tekin upp millom dei norske Dansevisune; heile den islendske Teksti stend i «Norske Dansevisur».

Til den norske «Olav Liljukrans» er der ein lin, sorgfull Tone som likeeins er god til aa danse etter. Teksti likjest den danske, men hev mykje nytt. Det er «Elvekona», som her talar til Olav og byd han Dotter si, og Bruri hans drep seg med Sverde hans, daa ho fær vita han er daud — det er sterkare og meir dramatisk.

4 — Garborg: Soug<lansen.Men der er og mykje som er komi inn fraa andre Visur. (Sùme brukar den danske til Dans her, slik som eg lærde ho i Danmark for 10 Aar sidan; men eg tykjer den norske er likso god og bør inn

med dei andre allvisst.)

Dei Songane me til dessar mest hev dansa den slore Færøyringen etter, er «Dvergemøy», «Ormen lange», «Knut liten og Sylvetin», «Haugebonden» og nokre mindre Visur. Men som fyrr sagt: skal det bli Liv i Dansen, maa der vera so vidt mange med, al Ringen kan bli «brotin» og Rekkjune i dei dramatiske Versi danse imot hinannan.

Ringen kann daa stundom sjaa slik ut:

«Grane bar Gulle av Heide.

Sigurd svinga Sverde i Vreide.»

Men der kann vera endaa mange fleire Slengar og Bugtir i han.

Fyrst er han rund. Og ein lyt stelle seg soleis upp, at ein dansar etter kvarandre med Andlite vend mot vinstre, so ein mest «ser Fyremannen sin i Nakken»; berre paa den Maaten kann Ringen snu jamt mot vinstre. Delte er der ikkje sagt fraa um i nokor Rett-leiding eg hev set; og naar ein daa freistar med51

dei (i Stigi som sagt er (vinstre Fot fram, høgre etter; vinstre fram og høgre etter ein Gong til, og so liugre fram og vinstre etter), so kjem Ringen til aa vidke seg ut og dra seg ihop paa Lag som dei kjende Servietringane av krosslagde Trepinnar, eller og til aa snu fyrst 4 Stig til vinstre og so 2 Stig attende att. (At me i det fyrste ikkje kjende til rette Maaten aa staa paa gjorde det mest raadlaust; koss me snudde paa desse Stegi vart det gali; det vart ein Gonge-dans; me fekk ikkje Sving paa Ringen. Enno bruker dei denne Maaten sume Stadir, soleis til «Per Spelmann», o. a. Visur.)

Paa Rilæte av Færøydansen ser ein, at alle snur Kroppen mot vinstre; og daa vert Stigi med høgre Foten og teki frametter mot vinstre.

Hjaa ein gamal fransk Forfatter1 som skriv um Dansen i Samrødu-Form, er det ein som spør koss Ringen kann koma av Flekken, naar dei snart skal trø til vinstre, snart til høgre. Forfattaren svarar, at dei jamt tek Stigi til høgre noko stuttare. Alle som hev freista Ringdansen veit, at dette ikkje kann vera meir enn halv Forklaaring. (I den franske einfelde «Branlen» var dei 6 Stigi som fyrr nemd trødde plent paa same Visi som i Færøydansen. I den «dubble Branlen» var det 8 Stig, 4 til kvar Kant.)

Baade fraa Sudlandi og fraa Island ser me

1 Thoinot Arbeaux 1588. Sjaa «Folkesangen paa Færøerne».nemnt, at Ringen stundom kann vera opin; me hev freista det her og. Men daa spørst det etter gode Fvridansarar; det er ikkje lett med uøvde Folk. Fraa Færøyane hev eg inkje høyrt um opin Ring.

Til «Ormen lange» og andre Visur av same Slage hev me og freista islendsk Ringbrot (etter Davidsons' «Vikivakar og Vikivakakvæði»), der ein rengjer Ringen, so ein sùme Gongir dansar med Ryggen «inn-etter». Ein dansar daa t. D. tvo Vers med «rengd» Ring; snur han so rett att. Dette kann ein gjera tvo Gongir eller meir, som det fell. Men siste tvo Versi hev me gjerne bròti Ringen som i den «store Færøyringen»; det gjev meir Skifte og Liv.

Bandadansen.Til den færøyske «Bandadansen» hev nie mest bruka Ivar Aasens «Aka paa Isen haale» (Ervingen). Gjentune og Gutane hev daa stevjast som Gunhild og Olav. Alle Gjentune hev songi Versi hennar Gunhild, og Gutane Olavs. Stevsong og Solosong, naar Visa so krev er altid godt; det gjer Dansen mykje meir dramatisk. Eg læt denne Dansen slutte med Ring. til meir Umskifte.

Kraakevisa.

Til Kraakevisa hev eg laga ein Dans med lause Par i Ring, til eit Brigde; og til «Falkvor Lommannsson» ein Kyndeldans.

Til «Aasmund Frægdegjævar», ei av dei gildaste Visune me hev, laga eg (aat detnorske Spellage) ein Turdans

der ein slær King paa Vers 7:

«Aasmund gjekk i den fyrste Halli; der var det so underleg vori: Dukane var utor Blode dregne, og Ormane spela ette Borde.»

Der fær Ringen paalag denne Form i: Me bøygjer oss og brukar Armane so det likjest paa Ormeslyngar. Det gjeld aa trø stillt og syngje med den rette løyndomsfulle Kaldtokken. Men alle desse Dansane lyt ein sjaa og lære kvar for seg. Visune stend i «Norske Danse visur».

Men alle Songane i Hefte høver til den store Færøyringen; og kann ein faa den til, er ein altid berga.

«Bendik og Aarolilja» hev eg mest dansa i Færøyring med eit islendsk Ringbrot, som stundom opnar Ringen. Det er hugsamt og vent, men krev ikkje lite Arbeid. I det seinare hev dei teki til aa danse Visa med ein svensk Stjernetur til Steve.Frk. Klara Semb, som i dei seinaste Aari hev arbeidt godt med Songdansen, hev teke upp denne Maaten; ho hev og skipa Dansen til «Inga Litimor». Den tek seg godt ut.Ö£>

Til «Inga Liti mor er der og laga ein Ring med Brigde til Steve; til Torø liti hev eg freista med ein stilsleg «Tempeldans*.

Til «Falkvor Lomniansson» hev Gutane Kyndlar, inne Sverd eller Kaarde. Gjentune Blome-kransar i Hendane; den tykkjer Folk vel um. Det er ein mangslungin Turdans som krev ikkje

KymleUUinscti.

so lite Arbeid. Finast er denne Dansen ute ein Sumarkveld ; den burde bli Jonsokdansen vaar. liksom «Alvabrenna» var det paa Island.

Sers godt plar Folk like den gudbrandsdalske «Bukkevisa», ei Nidvise um ein Sauetjuv, uppskrivi eller Olav Aasmundstad. Den dansar me i livfull, dramatisk Færoyring. Finaste56

Brigde er at me slepper einannan og dansar ein Gong rundt til Høgre i Stevi. I Runddansen tvo smaa «Hoppesteg» paa kvar Fot.

Godt gjeng og ein «Trolldans» til den islendske Olafur-Tonen. (Sjaa «Norske Danse-visur».)

Til Leik hev eg sett um Hauchs «paa

Kyndeldanseu.

Vossevangen». Songen var kjend her fyrr. men vart oftest songin paa svensk-dansk Blan-dingsmaal.

Like eins hev eg umsett eit Par svenske Leikar; ein lyt ha noko lett aat deim som ikkje strakst kann gaa i Veg med vandare Dansar. I Sverig lærer dei aa leike paa Skulane, somnemnt, so dei hev ei Mengd med ymse Leikar. Paa Naas maatte alle som gjekk paa Leikskeidi laga ein Leik til Examen. Dei beste vart daa upptekne i Skulen ; soleis fær dei nytt jamt.

Men um det er einfeld Leik eller storlagd Dans — dei som er med maa syngje av fullt Hjarta og vera heilt med; elles vert alll keid-samt, daudt, meiningslaust.

Eg skulde ynskje at rett mange ein Gong kunde faa sjaa koss ein god Færøvdans gjeng paa Færøy. Daa eg var der burte laga det seg so vel, at me fekk med eit Par Visekvedarer og Fyredansarar som vart rekna til dei beste paa Øyane. Eg vart sterkt teki av Dansen fraa fyrste Stund, endaa han syntest meg underleg og mest vill, so lenge eg ikkje skvna Kvædi. Men daa eg fekk desse gjenomgjengne. so eg kunde fylgje betre med, daa kom eg og heilt inn i Dansen; og eg skyna og saag, kor fullt og sterkt dei som her var med, gav seg yvi i Leiken og i Songen; dei kunde kveda og danse Time etter Time og vart ikkje trøytte. Det var som Framføringi vart sterkare og meir livfull di lenger det leid. Eg var tilslutt so trøytt at eg seig reint ihop, ovundsjuk, maa eg segja, yvi so mykje Sprett og Spenn; og eg saag i Tankane ein vanleg Mote-Balsal fraa Byane vaare. med ungt Folk som bleike og stynjande sig ned i Sofabenkir og Stolar naar dei hev dansa tvo Gongir rundt Golve, og ikkje hev so58

mykje som opna Munnen eingong. Og her sat ingin rundt Veggine og geispa; alle var med, gamle som unge. Ja

dei gamle syntest tidt dei beste, baade i Songen og Dansen. Og barnsleg Glede og huglegt Mod lyste av alle Andlit.

Eg tenkte: skulde det aldri meir vera Raad aa faa upp slikt Godlag i ei norsk Dansestogu? Skulde me ikkje kunne gløyme vaart Aalvor og vaar Hugtyngd og «bli som Haan att» ved den djerve, truskyldige Manndom i vaare gamle sterke Dansekvad?

Det segjer seg sjølv : ein naar ikkje straks so høgt som Færingane. Maaten vil vel ikkje heller bli netupp den same. Men me arbeider oss upp etterkvart. Me og hev Kjempekvad og Kjærleikssongar hugvarme og vene, og med gamle ser-merkte Tonar i fullgod Dansetakt, Songar og Tonar som ikkje kann naa si Høgd utan gjenom folkeleg dramatisk Framstelling. Men me fær agte oss vel for aa koma paa dei Rangvegane der dei vilrar no, desse Hamnebyane paa Færøy, som dansar framandt til framande Visur og dermed set Sjukdomsmerke paa Dansen sin. Jamvel dei beste danske Folkevisune — som ofte vert brukte til Dansekvad paa Færøy no — gjev Dansen eit anna Lag; Færingane talar daa og det danske Maale so reint framandslegt; det kann jamvel me Nordmenn høyre, som sjølve «talar Danskt paa Svenskt», — som Danskane segjer. Færøymaale hev daa og ei Kraft og einKlang som høver so godt til denne Dansen; og paa Færøyane er der so mange som held paa Heimemaal og Heimeskikk, at dei vil kunne halde Framauddomen ute.

Eg saag meg glad paa Færøydansen, som det fylgde slik Hugnad med. Men det vil ta Tid aa faa Ungdom i vor Tid til aa skyna denne storfelde gamle Dansen.

Um Songdansen gjeld det endaa meir enn um annan Dans. at ikkje alle kann lære aa danse han like godt og fint. Reint umusikalske Folk vert alltid ei Daudvegt i Ringen; og Folk som sit stille støtt aa stølnar (styrdnar) paa ein Krakk, dei vil lite høve i ein Færøyring. Det er ein Dans for friske Folk, dette, Folk som hev noko dei er glade i og liker aa syngje um; del skulde daa ikkje minst vera ein Dans for norsk Bo n d eil n gd om. Ein Leik som baade er morosam og fager og dertil hev Meining. «Innhald», og ikkje er altfor «lett-lærd», den høver for Ungdom som set seg Livsmaal av høgre Slag; og det gjer den beste norske Bonde-ungdomen no, som vel er. Dei frilynde Ungdomslagi rundt um i Lande kann daa ikkje nøgje seg med Enkevals» og «Tyven, Tyven skal du hete» lenger, tenkjer eg. Dei gjer større Krav til Moro som til Arbeid etterkvart; og so maa det vera.

Difor hev Songdansen paa desse faa Aari60

kunna bli so gjæv for norsk Ungdom som eg 110 trygt kann segja han er.

Baade kvikast og rettast er det aa laga Ringen paa den Maaten, at den som hev ei Vise aa kveda,1 tek ein med seg og gjeng frampaa (iolve og lek til aa syngje og traa so smaatt. Fleire og lleire gjev seg daa med, og Ringen lét seg att; kvar held Sidemannen sin under Armen og held ihop i traust Handtak; Vinstrehand. gjev ein aat Fyrimannen sin, Høgrehandi aat den som etter kjem; Armane vert soleis hekte ihop so det vert ei tett Lekkje. Og, som fyrr sagt, ein stend O ksi ved O ksi, so ein mest «ser kvarandre i Nakken»; dette vil eg ta upp att, daa ein maa hugse det.

Naar ein «bryt» Ringen, vert denne Uppstel-lingi sjølvsagt skipla. Stundom dansar ein daa rett fram, stundom attende; stundom dansar ein mest paa same Flekken. Men ein øvd Dansar kjem aldri ut av det for det. I ein vel saman-dansa Ring vil altid alle setja same Foten fram, og kvar og ein vil hjelpe til med aa faa Ringen lint «runda» att, naar so høver i det vanlege Ringbrote. Ringbrot hev vel fyrst vorti freista

1 Der var fyrr altid Fyresongar og Kor i Dansen. Men der ein skal arbeide lian inn fraa nytt av lyt ein helst lata alle syngje; elles lærer dei ikke Visune; og dei maa alle vera v e 1 inne i, um Dansen skal bli god. Aa syngje fyre er ikkje heller lett for ein i ein stor Hing; til det skal tamde, sterke Songarar. Fyresongaren skal aa leide Dansen, maa vita.()1

av di Rome var for lite aat dei store Ringane; men no segjer Fælingen heint ut, at Dansen vert best i smaa Rom, av di ein der jamt maa balde Ringen brotin. Ein ubrotin Ring vert snarare noko daudvorin av seg. Det er eit Under aa sjaa, koss ein stor Ring kann lløkjast ihop so lian ser ut som ei Maurtuve, men endaa greier seg ut att so fint. Rytme og Takt er fast som ei Naturlov; kvar Rørsle gjeng inn i del store Samspel; alle er under ein Vilje:

under Magti aat Songen.

Til vanlege forteljande Vers gjeng Dansen rolegt; alle fylgjer det som sungi vert med Minur og stille Rørslur. Men naar Umkvæde eller dei sterke dramatiske Versi kjem, bryt ein Ringen og slepper seg laus i sterk, uttryksfull Dans. Ofte kjem ein daa ands Andlit med Sidemannen eller Motmannen sin i Ringen; det vert heilt-upp «dramatisk Framstelling» av Visa, so som det skal vera. I Bugtingar og Slengar sviv Ringen kraftigt og livlegt; men Stigi gjeng i sin faste Takt stødt.

Er Fyresongaren god. so syng han aaleine, og alle samlar seg i Stevi; det er mest dramatisk ; og det vøre godt aa koma so langt. Men endaa um alle syng heile Visa med, so lyt ein helst ha ein Fyresongar, som altaat er Fyre-dansar: styrer baade Ringen og Songen; det gjeld um at Versi rett fylgjer etter einannan.

Um denne «store Ringen» — som læt seg62

danse til alle Visur — kann ein trygt segja, at godt dansa er han den gildaste, men daarleg dansa den minst morosame av all Ringdans.

«B a n d a d a nsen» er gamall paa Færøyane, men er ikkje rekna for rett Stordans. Det er ein Leikdans som ein fyller Tidi med millom Stordansane, «Ni durs pel», dei kallar, til Skilnad fraa Dansen «uppi å galvi».1

Likevel hev Bandadansen alltid vori gjæv. Ein Forfattar fraa det 17de Aarh.2 segjer jamvel at han er den trøysamaste av alle Færøydansare.

Her hev me funni han fin, men noko skiftelaus; eg freista daa aa «slaa Bing» paa dei tvo siste Versi av Visa («Aka paa Isen haale»); og daa gjekk han friskare. Denne kann sjølvsagt og dansast til andre Visur.

Til Bandadansen lyt det vera Par som steller seg etter kvarandre og Guten og Gjenta held eit meterlangt Band imillom seg. (Gutane tek dei fargerike Hosebandi sine.) Fyrste Pare snur seg mot dei andre, og skifter Bandi yvi i andre Hendane naar Songen tek til. Alle dei hine lyfter Bandi høgt i Vere, so det vert ein «Bandkvelv», og dansar Færøystegi nedetter, med' fyrste Pare dansar uppetter under Bandi. Andre Pare snur seg og fylgjer etter fyrste; so tridje o. s. fr. Naar siste Pare er komi ut-under siste Band-

1 «Folkesongen paa Færøyane».

3 Thomas Jakobsen Tarnowius, dansk Presteson paa Færøyane.63

bogen skifter dei Bandi yvi att, og dansar med lyft Band nedetter i ytre Rekkja, og so framleies. Der er alltid ei dubbel Rekkje, den ytre som lagar Bandkvelven, og den indre, som dansar seg igjenom han.1 Færøystig.

Ringen slær ein soleis: Naar ein er komin til næst siste Verse: «Endaa lyt eg no segja, der er so ymse Slag», snur det Pare som nett er komi ut under siste Bandi — snur seg halvt ikring; Gjenta kastar sin Bandende til Guten; dei skilst og dansar til kvar si Leid som elles, men utan Band imillom seg. Næste Par gjer like eins; Gjentune hektar seg iliop til Bing paa si Leid og Gutane paa si etterkvart som dei vert frie. Naar fyrste Gjente og fyrste Gut møtest att nedst, hektar dei seg ihop att der. Samstundes er siste Pare komi ut øvst, snur seg halvt ikring og hektar fort ihop. So er Ringen attletin. Det gjeld um at siste Pare ikkje dansar fraa einannan, naar Gjenta slepper Bande, men tek ihop med ein Gong; — Gjenta fær daa Guten sin paa vinstre Handi. Det skal litt Øving til aa faa Ringen rund strakst; men det er vent og morosamt. Siste Versi dansar ein daa i livfull Færøyring med Brot og Slengar.

«S a n døy arda n se n» («Sandiadansen» hjaa

1 I (len Rekkja som dansar under Handi uppetter, nev Guten Gjenta paa vinstre Sida av seg, soleis at Gjenta hev Bandi i høgre Handi, Guten i vinstre; i den ytre Hekkja vert det mottsett.64

Thuren, som skildrar han noko annaiieis) saag eg berre ein Gong paa Færøyane, men hev sidan dansa han med Færingar i Bergen. Han var mest i Bruk paa Sandøy, og hadde Nanni etter Øyi, sa dei. Ein stend Par um Par; held ihop som elles i Færøyringen. Men i Umkvæde tek Guten Gjenta (til høgre), dansar rundt med henne etter Takten i Songen og set henne fraa seg til v i n s t r e. Næste Gong fær daa alle Gutane nye Gjentur aa danse Umkvæde

med. Soleis skiftar Gjentune Rom i Ringen, til dess dei hev dansa seg framatt til sin eigin Gut. Daa kann ein slutte Dansen.

Til Dansevise hev me her mest bruka «Anne Sveltihel» (Anne Knutsdotter) og «Mass og Lasse». (Den gamle Tonen»,1 sjaa «Norske Dansevisur».) I Runddansen til Umkvæde høver det i baae desse Visune aa trø tvo smaa Steg (Hoppsteg) paa kvar Fot. Gjenta legg Hendane paa Okslom aat Guten; han held henne med Hendane i Sida (strake Armar). Men ein kann bruka alle Visur med Færøytakt til denne Dansen, og (som Færingane) bruka Færøystigi i Umkvæde med.

Paa S il de røy skal Dansen vera noko annar-leis enn paa Nordøyane, der eg var; og nokre av dei eldste Dansemaatane skal vera i Bruk der. Etter det eg hev set er det elles paa Færøyane som her, at kvar Bygd (Øy) hev sin Maate. Liksom del er stor Skilnad paa Sprin-

1 Fraa Sa-tesdal ved Lars Liestøl.garen og Gangaren i norske Bygdir1 — baade paa Dansemaaten og paa Slaattane —, so er det og Skilnad paa Færøydansen. Han hev teki Farge av Huglynne aat Folke i Bygdine der som her; men i Grunndragi er det same Dansen allstad.

*

Xo for Tidi er det ikkje berre «Felur i Førjom», men Pianoforte med; og den «engelske Dansen», som Runddansen vert kalla, var inn-komin alt i 1902, daa eg var der; han vart mykje bruka i Hainne-Byane. Ein fær likevel tru, at dei maskinsvingande og (utan god Musik) so reint aands-tome Runddansane ikkje vil faa altfor mykje Magt derburte. Færingane er seige, som vel er, naar det gjeld aa halde sin Folke-Arv i Ære; og dei er ikkje av det Stakkarsdoms Slage, som trur blindt paa kva-som-helst, berre det er framandt.

— Dansekvadi paa Færøy hev stundom ein annan Taktgang enn Folkevisune vaare, so at ikkje plent alle desse, so som dei no er upp-

1 Hin skulde mest ikkje tru, at t. I), ein Telemark-springar og ein «Borospolsk», eller ein Vossespringar og ein Valdrisspringar var same Dansen, det fyrste ein ser og høyrer deim. Men samanliknar ein dei so t. I). med dei svenske «Polskor», so kjenner ein snart at alle vaare er Greinir paa same Tre. Men endaa dei svenske er runne a\ same Hot — er polske i Grunndragi som dei norske — so er dei reint annarteis i heile sin Grunn-Haatt.

«

skrivne, høver til Færøydansen. Men Storparten er Dansevisur; ja, me hev Visur nok aa danse etter i hundrad Aar trygt. Og med Dansen kann det vera Von um at ei ny Folkevisedikting vil koma upp; me ser Teikn til det alt. (Deier laga lleire nye Dansevisur i dei seinare Aari.)

Men alltid maa me hugse, at Formir og Maatar er inkje tess, kann me ikkje fylle deiin med Liv og Meining sjølve. Og det vil her berre den kunne, som hev det so at han vert tekin av det sermerkte Huglage i Kvæde; men for honom vil daa og Folkevisedansen vera ei Glede av eit nytt Slag.

Faa dei Stadine. der Ungdomen (og mange eldre med) no hev lært denne Dansen, hev det vist seg, at der alltid fylgjer Liv og Hugnad med'n, so ein skulde tru han kunde vera til ymis Hjelp hjaa oss med i desse Tidine. som elles er so lite glade.

— Til Slutt maa eg segja nokre Ord um Maaten aa syngje Folkevisur paa. Mange som freistar lære Visur eller Notur gjev det upp straks, av di det ikkje alltid er lett aa faa Ordi til aa høve med Kvedarlunden (Melodien). Dei gamle Visune er gjerne noko ujamne1 av seg; hev ofte Merke av aa vera laga «paa standande

1 I «Norske Dansevisur» hev eg freista aa jamne noko paa dei mest uheile Versi, liksom eg hev Icmpaa Maale meir hurtimot nyare Landsmaal. Mangt var for vondt aa skvna for Folk 110.67

Fot» ; og ofte er dei som fyrr nemnt, ille medfarne av Tidi. Dei hev gjengi fraa Munn tit Munn ofte gjenom Hundradaar, maa ein hugse, og gjenom mange Land med; dei hev vori ute for mangt-slag. Versi kann snart ha

stutte, snart lange Linur til same Tonen; berre Stevi høver mest alltid fint til Musiken.

Men her maa me hugse, at Framføringi av Sogo i Dikte — sjølve Visa — hev vore herre halvveges Song; det var mest likso mykje Fram-segjing (Recitation). Tonen til Versi er daa ofte rett skiftelaus; Songaren kunde soleis setja inn Ord eller tøygje paa Ordi, ettersom det høvde. Og so fær ein lempe seg fram ; med litt Øving greier ein snart den Ting. Me veit det hev vori eit vandt, ja mest raadlaust Arbeid aa faa dei gamle Visune uppskrivne med den nyare Tonestigen, so dei fekk rette Svipen; Bygdefolk segjer daa og baade her og paa Færøyane, at dei ikkje kjenner Kvadi sine att, naar dei kjem paa Notar.

Mange Naturfolk hev ein femdelt Tonestige (Pentatonik; sjaa S. 46.)attaat hev dei daa havt Recitation etter den gamle Skaldemaaten.

Daa eg fekk høyre Færingane syngje tykte eg dei song paa same Maaten som gamle Folk i norske Bygdir; det var berre endaa meir ser-merkt og heilt paa (iamlemaaten. Eg hev høyrt Visur i Sætisdalen, o. a. St., som eg ikkje kunde kjenne att, naar dei vart sungne etter vaar Vis.

1 «Folkesangen paa Færoerne». S. 203 o. fr.68

Del gregorianske Notesysteme skal vera meir høvelegt aat Folkevisune.1 Mange av Visetonane minner og sterkt um Kyrkjemusik.

Naar me dansar til Visur me hev lært etter Notar, so maa me ofte brigde litt paa Tonen, um vel skal gaa; visst er det, at ingen Song-maate høver so godt til Dansen som den gamle færøysk-norske. Til Song etter Nymaaten maa Dansen og faa eit anna Lag, ein annan Svip.

Dette hev ikkje vori den minste Vansken i Arbeide med Dansen. Sjølvsagt kann me ikkje lære aa syngje som dei gamle song; me fær lempe oss tilrettes so godt som me kann med vaar Songmaate. Elles kunde Visedansen ikkje vinna Rom og Liv no.

Hovudsaki er aa gjera baade Songen og Dansen livande att.

I Danmark hev den kjende Vitskapsmannen Axel Olrik i Lag med Tonemeistaren Thomas La ub gjevi ut eit Hefte gamle danske Folkevisur, der Musiken er lagd til Rettes for kvart Vers i Visa; det hev sagte vori Tanken aa hjelpe Folk yvi Vanskane med den regellause Teksti. Og der vil vera god Rettleiding i dette for musik-kunnigt Folk. Men kjem ein fyrst til aa danse Visune, og liver seg inn i Tone og Tekst og i sjølve Dansen, so vil ein greie seg utan serskild Notesetjing. Det skal berre Tid og Tame til.

1 Sml. Krik Eggen: Norsk Salmesong.69

Ein Fyresorigar vil alltid handsama Vise noko fritt, naar Dansen gjeng; og vert ei Vise ofte bruka til Dans, so vil alle snart lære aa syngje paa same Maaten; det hev me alt ofte røynt. Dei som lite kann vil fyrst berre lyde etter Versi og syngje med i Stevi; etterkvart vil dei faa Visa inn gjenom Øyro soleis som ho høver aat Dansen.

Det gjeld berre at ein hev Øvro aa høyre med og Hug til aa taka imot med. Kann ein ikkje bli tek in med av Tonane og dei einfelde Sogune dei syng oss inn i, so skal ein helst ikkje freiste aa dansa Folkevisedans.

Men til alle som det kann, og som daa og likar aa trø ein Dans vil eg segja med den ukjende Færøydiktaren :

«Leikum fagurt ä foldum :

eingin treÖur dansin undir moldum! 1

Av Sjurdar Kvædi >.

Dvergemøy I.

(Fraa Færoy-Maal, til 1'røve paa dei eldste færøyske I)a n sek væd i.)

Dette Kvade segjer fraa um Sigurd Faavnes-banes fyrste Ferd til Dvergelande. Striden hans

1 Av den færøyske Visa «Aasmund Adalson». Færøsk Anthologi ved V. Hammershaimb.)70

med Dvergane og det fyrste Møte med Dverge-møvi. Av dei femtan lange Kvadi um Sigurd, som enno vert bruka til aa danse etter paa Færøyane, er dei fem «Dvergmøy»-Kvad.

(M. M. ' -88.)

Hovrt hev eg fraa ga - mai Tid, Ør - ni flyg um

Verd. No skal eg kveda um Si-gurd unge | og um

hans fvrste Ferd. Gra-ne har Gul-le av Hei-de;

Gra-ne bar Gull av Hei - de Si - gurd svin-ga

Sver-de i Vrei-de. Si - ger han paa Or - men

vann;—Gra-ne bar

Gul-le av Hei

- de.

Ørni er so snøgt eit Dyr, Hyg so lang'e Leid: no skal eg kveda um Sigurd unge det fvrste som ut lian reid.

Skjolden skin i gyll te Hall: han er kje komin til Dans.71

Sigurd unge, Sigmunds Son, nemmer eg Namne hans.

Sigurd stend paa Hallargolv, er i Ordom grei'e: «no lyster meg ride i Dvergeskog dei ville Dyr aa veide.»

Hjalprek1 Kongen mæler so, legg han Sigurd paa Minne: t Dvergemaal og Dvergeglam hur i Berge inne.»

Sigurd spring paa Granes Bak, held seg ikkje ved Taum; rider han so lettleg fram som Snekka renn i Straum.

Sigurd rid den fyrste Dag til det lid mot Kveld: daa det bar mot myrke Skog; so langt av Leid han held.

Sigurd ricl etter Skogen fram den Leidi lang og drjug: daa saag han stande fyri seg so stor ein Mannamug .

Sigurd sit paa Granes Bak baade med Skjold og Sverd: «Kg skal ride meg lenger fram og sjaa paa deira Ferd.

1 Hjalprek: Sigurds Fosterfar. Sigurds Far, Sigmund, doydde i Strid fvrr Sigurd var fodd, og Hjordis. Mor aat Sigurd, gifte seg att med Kong Hjalprek, som fostra Sigurd.72

Sigurd reid seg lenger fram, det var ei til Dans; daa saag han stande fyri seg so stor ein Dvergekrans.

Fram gjeng ein av Dvergane, det er frett so vide: «Er du komin aa leike her. hell er du komin aa stride?»

Sigurd sit paa Granes Hak, var ikkje glad i Hug. Han tordest ikkje atter svara, so var han for Dvergom bljug.

Fram gjekk ein av Dvergane, gram han var i Hug. Han rette upp si høgre Hand og Sigurd i Andlite slog.

Sigurd rann det heite Blod baade av Nasar og Munn. Ung var han og utamd, han var kje i Stridsleik kunnig.

So slog lian Sigurd unge, den illske Dvergemann, at Blode uiidan Brynjo ned vvi Sadlen rann.

Sigurd Sverd av Sliri drog, det syng i gyllte Gjengi. «Dette er det fyrste Saar. som eg i Strid hev fengi ! >

Sigurd Sverd av Sliri drog, bratt han det mun' braa.73

So kløvde han den arge Dverg sund i Lutir tvo.

Hoggi tunge falla tett: det syng i Dvergebrynj u r: Sigurd saag korkje Himill heil Jorcf inni den Dvergedyngje.

Fram stig ein av Dvergane, mæler lian desse Ord: «Drep du fleire av denne Hopen, stupe du skal til Jord.»

Hoggi tunge gjalda tett: j'vi honom dei fljiiga. Korkje saag han Himil heil Jore:: sume dutto aa Gruve.

Burt so kvorvo Dvergane: meir no aukast den Vande. daa han saag seg eismal etter i kolande Myrkre stande.

Sigurd rid seg til og fraa. «let frys ved Sadelgjord: Rimfrost tett er falli yvi kalde Dvergejord.

Sigurd rid seg til og fraa:

daa i godan Time

saag han gjenom kolande Myrkre-

Gull som Dagen skine.

Det var Dvergemoyi fagre som fyri honom stod: av Gull var hennar Akselband : ho Ferlur etter seg drog.74

Dvergemøyi til han kom, so er sagt for sann ; ho kysste honom so sott paa Munn. som Vin fraa Lippom rann.

Til Dvergemøyi so han talar, han bar i Hjarta Sut: «Kg ridin er so langt i Skog. eg finn ikkje atter ut.»

Til Dvergemøyi so han talar, tung av Sorg og Mein: «Den Bøni vil eg beda deg, -du syne meg Vegen heim.»

«Kg giekk meg ut fraa Far si Borg, daa høyrde eg deg kalle. Difor er eg komi her, aa hjelpe deg heim til Hallar.»

Ho fylgde han um Hindarfjell, vilde 'kje Vegen løyne. Stride Straumar og Aair store um Hindarfjell mun floyme.

Ho fylgde han or djupe Dalar, ho held so trutt eit Lag: av no dreg den myrke Skodda, (let lyser av klaare Dag.

Daa saag han den Borgi stande, so scgrer Sogo i fraa: Lauve veifta mot høge Himil med Litir som (>ull aa sjaa

«Her ser du den Borgi stande, som all av Gulle skin./ o

Han som raar for denne Borgi, det er Fader min.

Far min kjem i Borgi inn med vonde Ord og Vreide: ikkje maa du, Sigurd, daa smile eller lægje.

Han veit det, Sigurd Sigmundsson. at du er ikkje aa eggje; lian bed deg koma i Smidjo aat seg, store Stengar aa sleggje.

Du segie du er so troytt'e, du segie du er so mod, som nedaat du hadde trampa den heite Dvergeskog.

Høyr det, Sigurd Sigmundsson, og gjev paa Ordi Agt : kjem du inn i Smidjo hans, du braanar som blaute Vaks.»

Ho fylgde honom i Hallen inn, all i Gull ho skin: utan bar ho det raude Gull, innan det kvite Lili.

Det var Sigurd Sigmundsson, sveiper han seg i Skinn. Hesten bind han ved Døri, °fi gjeng i Hallen inn.

Dvergen kjem i Hallen inn. lian talar til Sigurd so:

Kven er denne store Kjempa, som eg her skal sjaa'.'»76

I.engi Kjempa tagde seg; liti var Livsens Von.

Namne mitt det nemner eg Sigurd Sigmundsson.»

<Kr du Sigurd Sigmundsson, du er ikkje aa eggje. Du skal koma i Smidjo med meg store Stengar aa sleggje.»

• Kg er so tung, eg er so trøytt, eg er so mødd og mod, som nedaat eg hadde trampa den heite I) verges kog.

Du skal smide meg Bryujo den. som Sverd bit ikkje paa, harde Hjelm og runde Skjold som godt er aa lite paa.»

Dagen lid og Notti kjem; han kvarast i Dvergevelde. Store Stengar er aa smide og herde i Hilmers Kid.

Det var aarle um Morgonon, Soli stender hogt. Dvergen slog paa gyllte Kaas; upp sprang Døri snøgt.

Dvergen inn i Hallen gjekk med Sylvbrynjo den kvite: «Tak mot denne, Sigurd unge, og sjaa um du kaun ho slite.

Tok han so den Hrynjo god, gav ho Sigurd i Hand./ /

Dertil Hjelm og blanke Skjold som Sverd ei bite kann.

Sigurd for i Brynjo den som Dvergen hadde bori; ho var baade vid og sid, som aat honom skori.

Sigurd stend i sterke Brynjo med Sverde sitt i Hand: «No yndeleg' rike Fru ve, du meg hjelpe til Hjalpreks

Land!»

< Eg forde deg av Dvergeskog: det du minnast skal. Kvi vil du no ifraa meg fara heim til Hjalpreks Hall?»

«So er det no i Budles1 Land. at Kjempur bera Sorg: burte er Kjempa Faavnesbane, kvorven av Kongens Borg.»

Ho fylgde honom den lange Leid: baud honom liva vel. «Far no lett og lukkeleg; far 110 heil og sæl!»

Det var Sigurd Sigmundsson. heim til Gards han for. Det var sjølve Hjalprek, Kongen, 11te for honom stod.

1 Bli die: Segnkonge (i Hunaland), Far til Brvnhild. som elska Sigurd. Budlungur: Konge. .Ktting av Kong Budle. Budles Land: Kongens Land.78

Kongen var ikkje glad i Hug. ottast for Sigurd Mein: «Du hev gjevi deg Troll i Vald, og trøytt so kjem'e du heim.»

Sigurd gjekk i Hallen inn, hadde ikkje Krafti mist; han sette seg i Hogsæte, so heile Borgi riste.

Helsa honom sæle Moder hans. ho ottsam for lian s lod: «Du hev gjevi deg Troll i Vald, trøytt so er du no.»

«Dvergen hev smidt meg harde Hjelm som Sverd bit ikkje paa. Brynju sterk og blanke Skjold, som godt er aa lite paa.

Kg hev vori i Dvergeskog og barst med Dvergehér. Dvergemøyi hefte meg, styrde so heim mi Ferd.

Eg hev barst med Dvergehér, vori i Naud og Vande; Dvergemøyi løyste meg ut og forde meg heim til Lande.»

Nationaltrykkmct — Kristiania